

NORSK TIDEND

Framhald av Fedraheimen og Den 17de Mai



SKEPTISKE LÆRARAR > 4-5

– Fokuset på sidemål hadde kanskje blitt mykje mindre, seier adjunkt **Marta Innvær** om å fjerna sidemålskarakteren.

HEIMKOMEN SON > 8-9

– Nynorsken er liksom ein del av meg, seier forfattar **Brynjulf Jung Tjønn**.

GRØNT STIPEND > 20-21

– Det var ein livsstil som no har vorte eit levebrød, seier blogger **Kristine Ullaland**.

Det store val(g)et

Kva parti har den beste
nynorskpolitikken? > **6-7**



Det er lov å dr

Om nynorsken

» «Dag og Tid skal vera på nynorsk, men ikkje skriva **om** nynorsken,» sa redaktør Svein Gjerdåker då han førre månad kunne ta imot den øvste utmerkinga frå Fritt Ord på vegner av avisa Dag og Tid.

» Den dagen banka alle nynorsk-hjarte litt stoltare enn resten av året. Det er fantastisk gjævt og velfortent at Dag og Tid får denne prisen. Men diverre er me ikkje ferdige med å snakka om nynorsken. For sjølv om me skulle ynskja at det var eit heilt naturleg skriftspråk, heilt jamstelt med bokmål, er det i realiteten ikkje slik. Difor må nokon skriva **om** nynorsken.

» Kvifor er ikkje nynorsken meir synleg i det offentlege rom? Klarar NRK nynorskdelen i år? Korleis skal den gode nynorskitteraturen nå fram til barn og unge? Kva skjer om karakteren og eksamen i sidemål – som for majoriteten er nynorsk – forsvinn?

» Alle som har vore i eit klasserom, har anten høyrte eller sagt setninga: «Får me dette på eksamen?» Faren er at nynorsk då vert nedprioritert av lærarar, som ikkje har eit bankande nynorsk hjarta, eller til og med nynorsk skrekk. Det er difor eit viktig arbeid når målrørsla jobbar for å betre kompetansen til framtidens lærarar.

» For at eg og du skal få skriva og lesa nynorsk i ulike samanhengar, må nokon framleis masa litt **om** nynorsken.

ANDREA RYGG NØTTVEIT

Utgjeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

Tilskrift: Lilletorget 1, 0184 OSLO

Redaktør: Andrea Rygg Nøttveit,
andrea@framtida.no,
tlf. 481 40 342

I redaksjonen:

Hege Lothe, Erik Grov

Heimeside: www.nm.no

Abonnement: 250 kroner per år

Utforming: Språksmia AS
smia@spraksmia.no

ALLE PARTI ER meir eller mindre kløyvde i språkspørsmålet, og oppgåva vår før stortingsvalet måndag 11. september har vore å styrke dei nynorskvennlege kreftene der dei finst. Heilt sidan våren 2016 har difor vi i Noregs Mållag arbeidd med å få våre prioriterte saker inn i partiprogramma.

I PÅVERKNADSARBEIDET HAR vi hatt fem klare krav:

For det første vil vi at sidemålsordninga skal bli tatt vare på og styrkt. For det andre vil vi ha språkdelt ungdomsskole, slik at nynorskelevane også blir sikra opplæring på sitt hovudmål.

Tredje krav er at vi vil ha lovfesta at læremiddel til vaksenundervisning av innvandrarar må vere på begge målformer.

Fjerde krav er at barnehagepolitikken må bli meir språkmedviten og definert med lov og føresegner.

Femte krav er at ein må ta tak i lærarutdanninga slik at ikkje nye lærarar går ut av lærarskolen utan å kunne nynorsk.

SIDEMÅLSPØRSMÅLET HAR VORE aller viktigast å få avklart. Der har nå både SV, Senterpartiet, Venstre og MDG klare programpunkt som stør eigen karakter i sidemål. Kristeleg Folkeparti skriv at undervisninga i sidemål må halde fram, men stadfestar ikkje eigen karakter.

I det førre partiprogrammet nemnde ikkje Arbeidarpartiet nynorskpolitikk med eit ord, men nå står det svart på kvitt at «nynorsken skal sikres gode utviklingsmuligheter». Det er ei formulering som forpliktar. Samstundes er vi uroa for formuleringar som at partiet vil «prøve ut flere alternative vurderings- og eksamensformer» både i grunnskole og vidaregåande. Vi må vere på vakt slik at ikkje sidemåls eksamen likevel ryk ut bakvegen.

I tillegg til støtteerklæringa hos Arbeidarpartiet, har både Venstre og KrF droppa formuleringar om felles karakter i bokmål og nynorsk. Både Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti har tatt inn punkt som stør innføringa av språkdelt ungdomsskole. Og det er mykje godt og bra i programmet til Raudt.

DET ER IKKJE til å stikke under stol at arbeidet vårt det siste halvåret har fått god hjelp av debatten om Vestlandsregionen og den massive responsen i høyringsprosessen. Når folk kjende at nynorsken var pressa, stod dei opp for han – og denne bølga nådde heilt fram til rikspolitikarane som sat og skreiv arbeidsprogram.

Regjeringspartiet Høgre har mange gode målfolk i rekkene, men heller ikkje før dette stortingsvalet har dei kulturkonservative nynorskvennene nådd fram med argumentasjonen sin. Høgre går til val på at dei vil avvikle ordninga med eigen karakter i sidemål både på ungdomsskolen og på vidaregåande, sjølv om fylkespartia i Sogn og Fjordane og Hordaland røysta imot på landsmøtet. Elevane skal møte nynorsken gjennom heile skoleløpet, seier Høgre, – men dei som har nynorsk som sidemål, skal ikkje lære å skrive språket. Dermed fjernar partiet dugleik i skriftleg nynorsk frå 85 % av befolkninga.

Ein får håpe at ved neste korsveg så har fleire krefter i Høgre skjont at dei fagre programformuleringane om å sikre norsk kulturarv absolutt må gjelde nynorsken.



MAGNE AASBRENN
Leiar i Noregs Mållag

SETT MED NYNORSK-VINKLING er det også problematisk å legge setelen til Framstegspartiet i val-urna – partiet vil som før at undervisning og eksamen i sidemål skal vere valfritt.

Gjennom vinteren og våren har vi sett at det kan ligge an til stortingsfleirtal for partia som vil fremje våre gode tiltak. I så fall er det grunnlag for å drøyme om monaleg betre vilkår for nynorsken etter valet. Det nye programmet kan gi armslag til målpolitikarane i Arbeidarpartiet og gi oss Kunnskapsdepartementet i ryggen når vi seier at barn må møte nynorsken som ein naturleg del av lesing og song i barnehagen og få oppleve dei to norske skriftspråka som sjølvsgade frå den første veka i

Drøyme



Illustrasjon: Kjartan Helleve,

barneskolen. I ungdomsskolen får elevane som har hatt nynorsk hovudmål på dei lågare trinna, halde fram i nynorskklassen sin slik at dei ikkje gir slepp på språket berre fordi dei er 13 år og redde for å skilje seg ut frå gruppa – og etter ein oppvekst der nynorsk har vore tydeleg til stades på alle skoletrinn, blir det sjølv-sagt at dugleiken skal bli eksaminert på lik linje med den i hovudmålet.

MED EIT POLITISK løft for tydeleg likestilling i barnehage og skole, er det lov å håpe at også språkhaldningane elles i samfunnet vil flytte seg eit hakk i riktig lei. Fleire vil ha mot til å halde på nynorsken.

Om valet blir godt, er det opp til Noregs Mållag å levere gode praktiske framlegg for å betre nynorskpolitikken til både Storting og Regjering.

Lenge har det vore lett å føle som nynorsking at ein strir mot «det langsame tapet» som kjem på grunn av urbanisering og endra samfunnsstruktur. Slik tidene skiftar i våre dagar, er det lov å drøyme at den utviklinga er i ferd med å snu, og at nynorsk snart rett og slett blir eit heilt greitt skriftspråk over heile landet. Valresultatet er svært avgjerande, så hugs for all del å gå og røyste!

“ Gjennom vinteren og våren har vi sett at det kan ligge an til stortingsfleirtal for partia som vil fremje våre gode tiltak. I så fall er det grunnlag for å drøyme om monaleg betre vilkår for nynorsken etter valet.

» SAGT

I Nord-Noreg har «vestlending» vore bruka som skjellsord på mang ein konsulent – det har sjølv sagt med det nynorske normeringsidealet å gjera.

I distrikta er stadnamn blodig alvor, kan ein lesa i Dag og Tid

Vi har ei fast stilling og mogleg eit vikariat for eit år. Vi arbeider bl.a. med pressehandtering ...

Lat oss håpa at statsministerens kontor har fått på plass ein fast nynorsking

– Det kan ikkje vere meininga at kommunane sjølve må stå for språkvaske. Dokumentet er ei skam med mykje språkleg rusk.

Harde ord hagla mot Sunnmøre regionråd i More-Nytt

MF «Ivar Aasen» to the rescue! Eller kanskje vi heller skal si: Ivar Aasen vart redninga. Nynorskens far hadde selvsagt ingen lem-problemer, og manøvrerte seg elegant i posisjon. Mens bokmålsfergen fortsatt virret rundt i fjorden, viste gamle Ivar hvordan det skulle gjeres.

BT-journalist Pål Andreas Mæland har gjort seg kjent med vanlege vestlandsproblem – og løysinga!

Kult med **nynorsk** tastatur til iPhone, bortsett frå at «fy faen» vert endra til «fylkesveg», og på dialekt vert «itj» til «utjamningsmandat».

Nestleiar i Oppland Frp Knut Røe er ikkje heilt nøgd på Twitter

«Det (les: norskfaget) er ikke så viktig som hun skal ha det til siden flertallet som kommer til å bo her om noen tiår vil kunne snakke arabisk»

Sidemålsdebatt vert fort innvandringsdebatt i nettavisene sine kommentarfelt

Noregs Mållag krever at et av Bergens syv fjell endrer navn til Ivaråsen.

... kvitrar ein spøkefugl

Såg Weidemann-utstillinga. Edvard Hoem vilde ikkje sjå. Opium for folket. Ikkje progressivt. Stubhaug og eg såg, tok ikkje skade nett 2.6.73

Olav H. Hauge lever og kvitrar i beste velgåande

Kvar dialekt – er like korrekt!

Tor Stenfelt

– Eg vil ha boka på det målet Jesus sjølv bruka, sa ein mann da dansk-norske salmebøker skulle skiftast ut med bøker på nynorsk.

Eldor Bråthen trekk dei lange linjene i sidemålsdebatten i avisa Valdres

St. Kniksen – regntunge ettermiddagar, fotballaget Brann, nedrykksstrid og fisketorg.

Motstrømsavisa Dag og Tid gjev deg oversikt over dei forbigåtte helgenane

– For mykje med tre karakterar

Det har blitt mindre stress for både elevar og lærarar ved **Bømlo vidaregåande skule**, etter at norskfaget fekk færre karakterar.

– I år, når me har fått tre norsk-karakterar igjen, har læraren stressa litt med å få nok vurderingar til å setja halvårskarakteren. Me måtte pressa inn ei kortvarsoppgåve, fortel Nathalie Sortland.

Ho går i tredje klasse på studie-spesialiserande ved Bømlo vidaregåande skule. Sidan 2013 har skulen vore med på forsøket med færre norsk-karakterar. I fjor vedtok Kunnskapsdepartementet å forlenga norskforsøket til 2019. Skulane som allereie er med på forsøket, treng ikkje søkja på nytt.

Den siste oversikta frå Utdanningsdirektoratet viser at 180 vidaregåande skular og 20 ungdomsskular deltek i forsøket.

FOR MYKJE VURDERING På Bømlo vgs har elevane éin skriftleg og éin munnleg norsk-karakter i halvårsvurdering dei to første åra. I tredje klasse får elevane framleis tre karakterar – munnleg, skriftleg sidemål og skriftleg hovudmål.

I første- og andreklasse kan norsklærarane ha færre prøvar og vurderingssituasjonar, etter at tre karakterar har blitt til to.

Norsklærer Marta Innvær kan skriva under på at norsk er eit stort og omfattande fag. For nokre år sidan søkte ho og ein kollega om å melda skulen på forsøket.

Opplever de norskfaget som mykje pes, spør Innvær elevane.

– Ja, spesielt når det kjem til alle vurderingane me må ha i faget. Det er rett og slett for mykje med tre karakterar, svarer Sortland raskt.

Wilhelm Anthun og Peter Alvs-våg nikkar anerkjennande. Dei går i andre klasse på studiespesialiserande, og undrar seg over kvifor norskfaget har så mange karakterar, og tel så mykje i forhold til andre fag.

– Me har nesten like mange timar i fysikk for eksempel, og der er det



Norskentusiast: – Eigentleg kunne me gjerne hatt endå fleire norsktimar, seier Katrine Sivertsen Våge (t.v). Nathalie Sortland er ikkje heilt samd i at det er løysinga. Foto: Ingunn Gjærde

berre éin karakter, seier Anthun.

På det avsluttande vitnemålet skal det framleis vera tre norskkarakterar.

VIL TILBAKE TIL TRE KARAKTERAR

– Me hadde tre karakterar i norsk heile ungdomsskulen, og det gjekk jo heilt fint det, seier Katrine Sivertsen Våge.

Ho er ikkje samd med dei tre medelevane sine, og trekkjer fram at mange har forskjellig kunnskapsnivå i sidemål og hovudmål. Difor er det rimeleg å ha eigne karakterar i bokmål og nynorsk heile vegen, argumenterer ho.

Forskarane sin førebelse rapport frå januar 2016 støtta at elevane skal få tre karakterar i norsk.

Å ha færre karakterar kan gi ei utfordring, også når det kjem til overgangen til Vg3, meiner Våge.

– Om du ikkje veit korleis du ligg an i sidemål og hovudmål, kan overgangen bli endå større. Det kan vera store sprik, seier ho.

ETTERLYSER SKRIVEOPPLÆRING

– Er det ikkje meir motiverande å ha fleire karakterar, spør me dei tre andre elevane.

– Nei, kjem det spontant og uni-sont frå bømblingane.

– Men me ville gjerne hatt endå meir fokus på skriving, seier Anthun.

Dei fire elevane er samde om at skriving er eit fagområde som bør vera meir prioritert.

Nyleg presenterte Utdanningsdirektoratet ei evaluering av norskforsøket som Bømlo vidaregåande skule deltek i. Ifølgje rapporten fortel lærarane som deltek i forsøket, at dei får betre tid til skriveopplæring, og at det blir fleire uformelle vurderingssituasjonar.

Forskarane har også funne at elevane får fleire undervegs-vurderingar og framovermeldingar om kva dei kan jobba meir med i faget.

VIL HA FÆRRE I TREDJE KLASSE OGSÅ

Norsklærer Innvær er blant dei som merkar at presset ikkje er så stort som tidlegare.

På ein heildagsprøve har ho moglegheit til å la elevane vera med på å vurdere eigne tekstar, og ho har tid til å ha ein dialog med elevane i etterkant.

– Det hadde ikkje gjort noko om me hadde hatt to norskkarakterar i tredje klasse også. Ein har litt lite vurderingsgrunnlag når ein skal setja tre karakterar, seier Innvær.

Men alternativet om å slå saman sidemål og hovudmålskarakteren uroar ho samstundes litt.

– Fokuset på sidemål hadde kanskje blitt mykje mindre då, undrar ho.

INGUNN GJÆRDE
Framtida.no



Læraren: Adjunkt Marta Innvær synes norskfaget i dag er omfattande, men er litt uroa for sidemålet om ein fjernar karakteren. Foto: Ingunn Gjærde



Skrivelystne: Elevar ved Bømlo vidaregåande skule vil ha endå meir tid til skiving. Frå venstre: Adjunkt Marta Innvær, Katrine Sivertsen Våge, Nathalie Sortland, Peter Alvsvåg, Wilhelm Anthun.

Foto: Ingunn Gjerde

Lærarfleirtal i vest for eigen karakter

Over halvparten av norsklærarane på Vestlandet er for eigen karakter i sidemål på vidaregåande.

Norsklærarar i ungdomsskulen er mest positive til eigen karakter i sidemål på vidaregåande.

Det går fram i ei undersøking for Framtida.no og Landssamanslutninga av nynorsk kommunar mellom norsklærarar i ungdomsskulen og vidaregåande skule.

57 prosent av norsklærarane i ungdomsskular på Vestlandet svarar at det framleis bør vera eigen karakter i sidemål på vidaregåande.

32 prosent er mot eigen karakter i sidemål.

Blant lærarar på vidaregåande svarar nesten halvparten – 48 prosent – at dei ønskjer å halda på karakteren i sidemål. 37 prosent svarer «nei» på spørsmålet om det bør vera eigen karakter i sidemål.

Totalt var det 232 norsklærarar frå Vestlandet som svara i undersøkinga som gjekk ut til skular på heile Vestlandet.

FRYKTAR SVEKKING AV NYNORSKEN

Kunnskapsminister Torbjørn Røe Isaksen uttalte nyleg i januar at målet om at alle skal bli skriveføre i både bokmål og nynorsk, er «ein utopi».

Høgre vedtok på landsmøtet sitt i mars at dei framleis ønskjer å fjerna

eksamen og karakter i sidemål i ungdomsskulen og på vidaregåande. Forslaget vart vedtatt trass i motstand frå representantar frå vestlandsfylke.

Leiar i Utdanningsforbundet i Sogn og Fjordane, Steinar Strømsli, seier til Framtida.no at han fryktar ei svekking av nynorsken dersom ein fjernar eigen karakter i sidemål.

– Eg trur ei fjerning av eigen karakter i sidemål vil føra til at norsklærarane vil leggja mindre vekt på nynorsken for dei som har det som sidemål.

I dei fire vestlandsfylke er det 102 510 elevar i grunnskulen som har bokmål som hovudmål og 68 782 elevar med nynorsk som hovudmål.

SVEIN OLAV B. LANGÅKER
Framtida.no



Forbundsleiaren: Leiar i Utdanningsforbundet i Sogn og Fjordane, Steinar Strømsli, fryktar ei svekking av nynorsken dersom ein fjernar eigen karakter i sidemål.

Foto: Utdanningsforbundet

Kva meiner partia om sidemålsordninga, Oddamodellen og nynorsk for vaksne innvandrarakar? Dette meiner Mållaget om **partiprogramma for Stortingsvalet 2017**.



SIDEMÅLSORDNINGA



Høgre: Grunnskulen: «Redusere antall karakterer i norskfaget fra tre til to, én for muntlig og én for skriftlig norsk.»

Vgs: «Bruke tekster på både nynorsk og bokmål gjennom hele skoleløpet. Avvikle ordningen med egen karakter og eksamen i sidemål på ungdomsskolen og i vidaregåande opplæring.»



SV: «At elever lærer to skriftspråk i Norge, er et gode som ikke må svekkes. Alle elever skal møte både nynorsk og bokmål tidlig i skoleløpet. Eleven sin kunnskap i sidemålet må vurderes, både på ungdomsskolen og i studieforberedende vidaregåande opplæring gjennom egen standpunkt-karakter og obligatorisk eksamen.»



Sp: «Nynorsk og bokmål er likestilte målformer i Norge. Senterpartiet mener at begge skrifttradisjonene skal dyrkes og sikres. Dette krever en særskilt innsats for å styrke det nynorske skriftmålet. På ungdomstrinnet og i den vidaregåande skolen skal det være obligatorisk opplæring i begge målformer med karakter/eksamen i både nynorsk og bokmål. Yrkesfagene skal fortsatt unntas. Det må settes av tilstrekkelige midler til utviklingen av nynorske læremidler. Senterpartiet vil gi økte tilskudd til kommuner som har store utgifter som følge av regelen om språkdeling.»



Venstre: «Det er viktig at elevene behersker både nynorsk og bokmål. For å sikre dette ønsker Venstre at elevene skal få sidemålsopplæring på et tidligere tidspunkt enn i dag, og at nynorskdidaktikk styrkes i lærerutdanningen. Både nynorsk og bokmål bør brukast i undervisningen, og ordningen med egen karakter i sidemål skal videreføres.

- sikre en god opplæring i både nynorsk og bokmål, og videreføre ordningen med egen sidemålsskarakter
- at elevene skal få sidemålsopplæring på et tidligere tidspunkt enn i dag»



Raudt: «Sidemålsundervisninga må styrkes gjennom positiv forsøksvirksomhet og gjennom større fokus på sidemålspedagogikk i lærerutdanninga.»



Ap: «Gjennomføre flere forsøk med alternative vurderings- og eksamensformer. Prøve ut flere alternative vurderings- og eksamensformer i vidaregåande opplæring.»



KrF: «Gode kunnskaper og ferdigheter i norsk språk er vesentlig for å fungere godt i arbeids- og samfunnsliv. Språk er en vesentlig del av ens identitet. Alle norske elever skal beherske norsk skrift-

lig og muntlig når de går ut av grunnskolen.

Undervisningen i sidemål må fortsette for å sikre at vi har to likestilte målformer også vidare. KrF mener elevene må introduseres for sidemål tidligare i skoleløpet enn det som er tilfelle i dag. KrF vil drøfte undervisningsform og alternative vurderingsformer for å styrke sidemål og sikre to likestilte målformer. Starte med sidemålsundervisning i mellomtrinnet.»



Frp: «Sidemålsundervisning og eksamen i sidemål skal være valgfritt i ungdomsskolen. Gi elevene frihet til å velge bort 2. fremmedspråk eller språklig fordypping i engelsk eller norsk på ungdomsskolen.» Vidaregåande opplæring: «at sidemålsundervisning og eksamen i sidemål skal være valgfritt»





MDG: «At sidemålsopplæringen starter allerede i barneskolen gjennom bøker, sang og lek. Videreføre ordningen med karakterer i sidemål. At elever som er fritatt fra sidemålsundervisning også møter litterære tekster og sakprosa på sidemålet.»



ODDAMODELLEN

*ikkje alle parti har formuleringar om dette i programmet, men fleire har vore med på å arbeida for Oddamodellen på Stortinget. Vurderingane i dette punktet er gjort på det grunnlaget. Alle parti røysta for ei utgreiing.



Høgre: Kunnskapsministeren har sagt at opplæringsordninga i dag er god nok. I debatten i Stortinget sa Høgre at dei ser fram til å vurdere tiltaket.



SV: Frå programmet: «SV vil styrke vilkårene for nynorsk i skolen og endre opplæringsloven § 2-5 slik at også elever på ungdomsskolen får rett på opplæring i hovedmålet og rett til å høre til i egen målformgruppe.»



Sp: Frå programmet: «Senterpartiet vil endre opplæringsloven slik at også ungdomsskoleelever får rett til å tilhøre egen målformklasse og få undervisning i alle fag på sitt eget hovedmål dersom 10 eller flere elever på trinnet ønsker et annet hovedmål enn det den aktuelle skolen bruker.»



Venstre: Er ein av framleggstillarane bak vedtaket om å utgreie ordninga på Stortinget.



Raudt: har ikkje formuleringar i programmet, men sit heller ikkje på stortinget så dei hadde ikkje høve til å stø saka der.

-



Ap: Er ein av framleggstillarane bak vedtaket om å utgreie ordninga på Stortinget.



KrF: Er ein av framleggstillarane bak vedtaket om å utgreie ordninga på Stortinget.



Frp: Sa i debatten på Stortinget at dei ser fram til det vidare arbeidet med saka.



MDG: har ikkje formuleringa i programmet.

-

NYNORSK FOR VAKSNE INNVANDRARAR

Høgre: -



SV: «Norskopplæringen for voksne innvandrere skal skje på nynorsk i nynorskkommuner.»



Sp: «Integrering – tenke globalt, integrere lokalt: Sette av tilstrekkelige midler til utvikling av nynorske læremidler.»



VENSTRE: -
RAUDT: -
AP: -
KRF: -
FRP: -



MDG: «Sikre vidare utvikling av nynorskspråklige læremidler og læringsressurser for voksne innvandrere.»



HEILSKAP



Høgre: Høgre stadfesta nok ein gong på landsmøtet at det ikkje er fleirtal for eigen karakter i sidemål, og programmet stadfestar at nynorsk ikkje er ei sak partiet Høgre er oppteken av, sjølv om det finst politikarar i Høgre som er svært oppteken av nynorsk.



SV: SV har ein fyldig og solid nynorskpolitikk. SV er einaste partiet som har eit program som har konkrete formuleringar om barnehagefeltet.



Sp: Sp har ein solid nynorskpolitikk. Sp slår som einaste parti fast at jamstilling krev ein særskild innsats for nynorsken.



Venstre: Venstre har ein solid nynorskpolitikk. Som einaste parti har Venstre programfest at dei vil ha ein eigen nynorskdiaaktikk i lærarutdanninga.



Raudt: Raudt har ein solid nynorskpolitikk. Men ingen av dei sakene som NM har vore oppteken av dei siste åra, har kome inn i programmet.



Ap: Det er godt å sjå at nynorsken er attende i programmet til Ap. Men me er likevel litt uroa for om formuleringane om alternative vurderings- og eksamensformer kan nyttast til å svekke sidemålsordninga.



KrF: Partiet har gode formuleringar om nynorskpolitikk, men det er verdt å merke seg at dei er opne for å endre på vurderingsordninga i sidemål.



Frp: Fridomsretorikken til Frp står i vegen for ein god språkpolitikk. Slik vil tiltak som anerkjenner at styrketilhøvet mellom nynorsk og bokmål er ulikt, stå i motsetnad til resten av politikken til Frp.



MDG: Mdg kom som ei kule før førre stortingsval med ein omfattande og god språkpolitikk og stadfester denne på årets landsmøte.

Dei snakka ikkje mykje om kjensler heime på garden. Difor skriv **Brynjulf Jung Tjønn** (36).

Alt det skrivne og alt det usagte

– **EG HAR INNIMELLOM PRØVD** å fjerne meg frå ... det eg alltid skriv om, ler Brynjulf Jung Tjønn (36).

Han har kome fram til den erkjenninga at det *eigentlich* er adopsjon han skriv om heile tida.

Forfattaren sit ved kjøkkenbordet i rekkehuset på Ullevål Hageby, der han bur saman med kone og tre barn.

I eit glasskåp står ei dansk utgåve av barneboka *Den finaste historia*, som òg er selt til USA og Kina. I hylla under står ei tysk og ei ungarsk omsetjing av ungdomsromanen *Så vakker du er*, som vann Brageprisen i 2013.

Fredag er skrive dag heime i huset, og allereie no er Tjønn i gang med både ein ny ungdomsroman og ein voksenroman.

BARN OG VAKSNE Barn-vaksenrelasjonen kan ein finne att i alle bøkene hans. Anten dei er skrivne for unge eller vaksne, handlar det om familiar som går i oppløysing på ein eller annan måte. I hans siste roman, *Alt det lyse og alt det mørke* (2017), handlar det om omsorgssvikt som forplantar seg gjennom generasjonar.

Interessa for desse relasjonane sporar 36-åringen tilbake til då han fekk sin første son i 2008. Det var då Tjønn for alvor fatta interesse for si eiga historie.

På ei reise til Sør-Korea fann han ut at han vart funnen på ein togstasjon som toåring. Før han vart adoptert til foreldra på Feios i Sogn og Fjordane, budde han eitt år på barneheim. Han hugsar ikkje noko frå sine to første heimar, men er oppteken av kva som skjedde med han i desse viktige barndomsåra.

– Fordi eg veit så lite, vert det å skrive om det ein naturleg måte å nærme meg dei temaa på. Eg kjem aldri til å finne ut kva som skjedde med meg, difor trur eg at eg utforskar denne relasjonen mellom vaksen og barn i skjønnlitteraturen, forklarar 36-åringen.

BEATLES Han kom ikkje frå nokon litteraturheim, og på skulen hadde dei ingen skulebibliotekar som

» BRYNJULF JUNG TJØNN (1980)

- Har journalistutdanning frå Høgskolen i Oslo og Akershus
- Er bokmeldar i VG, redaktør i litteraturtidsskriftet BLA, nettredaktør for NBU (Norske barne- og ungdomsbokforfattarar) og har delvis permisjon frå stillinga si som nettredaktør i Den norske kyrkje
- Sit i Det litterære råd for norske barne- og ungdomsbokforfattarar
- Debuterte i 2002 med romanen *Eg kom for å elske* på Samlaget
- Fekk Brageprisen i 2013 for ungdomsromanen *Så vakker du er*
- Er aktuell med *Alt det lyse og alt det mørke* (2017) på Cappelen Damm

kunne vise veg blant hyllene. Difor var det først på ungdomsskulen at odelsguten frå den vesle bygda ved Sognefjorden oppdaga litteraturen. Vendepunktet vart då ein lærarpraktikant tipsa niandeklassingen om Beatles.

– Historia var veldig engasjerande, men eg var like oppteken av korleis Lars Saabye Christensen skreiv: korleis han skildra personane og klarte å få lesaren til å bli oppslukt, minnest Tjønn, som tok med seg eit par knep inn i skulestiane sine.

Men om du trur at forfattaren berre fekk toppkarakterar på novelene sine, tek du feil. Tjønn minnest at han hadde kjensla av at skulestiane i hovudsak dreidde seg om rettskriving og det å følge ein formel. På vidaregåande fann han samtidslyrikken, der alle desse reglane vart brotne, og allereie i 17-18-årsalderen sende han inn sine første dikt til eit forlag.

– Heile dette forlagsgreiene var så fjernt for meg. Hadde eg visst kor

seriøst det var, hadde eg kanskje ikkje våga, ler Tjønn, og legg til:

– Slik er ein kanskje når ein er ung, at ein er litt uredd på den måten.

IDENTITETSÅR Utanom skrivinga var Tjønn ein beskjeden tenåring, som hadde behov for ytre stadfesting på at han hadde noko litterært å fare med. Det har han no fått i form av prisar, omsetjingar og gode meldingar. Så vakker du er har allereie vorte sett opp av Sogn og Fjordane teater, og etter nyttår skal forfattern igjen reise rundt og snakke til ungdommar i heimfylket. I desse dagar jobbar han nemleg med ein ny forfattarturné med stikkorda språk og identitet.

Det siste er noko Tjønn til tider har slite med, særleg når han merka at folk kommenterte utsjånaden hans.

– Det kunne vere ting som at folk byrja å snakke til meg på engelsk og spurde kor lenge eg har budd her, utan at det var vondt meint. Men spesielt i tenåra og første halvdel av tjueåra syntest eg det var veldig sårt, fordi ein lurar på kva folk tenker og er usikker på kven ein er, minnest han.

Som ungdomsbokforfattar er han oppteken av å ta lesaren på alvor, og bruker ofte eigne tankar og kjensler.

– Eg hugsar så godt korleis eg hadde det som 15-åring. Kjenslene og kva tankar eg hadde om livet. Så spørst det kor lenge det er relevant. Eg kjem aldri til skrive ein ungdomsroman der det er mykje fancy teknologi, seier Tjønn, som likevel reknar med at kjensler er såpass universelt at det vil vere relevant for komande generasjonar også i åra som kjem.

FARVEL TIL BOKMÅLET Det nynorske språket er ein stor del av forfattaren sin identitet, men heller ikkje her har vegen vore bein. Det hender at Tjønn får kjefte for å skrive bokmålsnært og velje ord som noe, men det er ingenting samanlikna med då han i 2008 skreiv innlegget *Farvel til nynorsken* i Aftenposten.

Etter det kom eit par bøker på bokmål, før han bytte tilbake.

– Eg skulle ønskt eg berre hadde skrive nynorsk heile tida. Kinamann hadde vore noko heilt anna på nynorsk, samstundes er eg glad eg har den erfaringa og trur at det berre forsterkar kor viktig nynorsken er for skrivinga mi, seier Tjønn, som medgjev at det å nå ut til fleire faktisk var ein del av motivasjonen for å verte bokmålsforfattar.

No har han konkludert med at han aldri blir millionær på skrivinga, men at det ikkje er noko mål heller.

Han vil berre at det skal vere bra, og meiner sjølv at han skriv mykje betre på nynorsk. I tillegg har han landa på at det er den målforma som passar best til temaa og skrivevestilen hans.

– Nynorsken er liksom ein del av meg, fordi eg har vakse opp med han, seier Tjønn.

I dag har han landa på ein litt meir konservativ nynorsk enn tidlegare, som framleis er krydra med litt bokmålsord. Det er fordi forfattern sjølv knotar og er oppteken av å skrive talemålsnært.

– Eg likar kontrasten. Det er litt stygt, på ein måte. Og fordi eg skriv om litt tunge, mørke, dystre ting, likar eg at det er nokre falske tonar der, forklarar han.

Sjølv om han skriv raskare på bokmål, meiner han at det vert meir preglaust.

– Inni hovudet mitt er nynorskstemma, og det er ho som kjem ut. Eg veit ikkje heilt kva som går føre seg i hovudet mitt når eg skriv bokmål, men det går nok ikkje gjennom same refleksjonskverna. Eg tenker ikkje like mykje, så eg mistar eitt eller anna der, grunnar Tjønn.

ANDREA RYGG NØTTVEIT
andrea@framtida.no

Målbyte: – Eg er oppteken av nynorsk, fordi eg har skrive eit par bøker på bokmål som eg i ettertid er veldig misnøgd med, ler Brynjulf Jung Tjønn.





Storvegs: Animasjonsfilmen *Richard Storken* hadde verdenspremiere på Berlinale i februar og er allereie seld til over 150 land. Noregs Mållag jublar for at filmen har fått tekstar på bokmål og nynorsk.

Foto: Euforia Film

Richard Storken med nynorsk tekst

Ein av fem kinoar valde nynorsk-teksting på animasjonsfilmen *Richard Storken*.

5. mai var det noregspremiere på den tysk-norske storfilmen *Richard Storken*. Dette er ein av dei fyrste barnefilmene med norske stemmer som vert teksta. Kinoane kunne i tillegg velje mellom tekst på bokmål og nynorsk.

Dagleg leiar i Euforia film, Vibeke Skistad, skriv i ein e-post til Framtida.no at dei har valt å tekste filmen for at alle skal få med seg kva som blir sagt.

Ho vil gjerne nå ut til dei som vanlegvis unngår animasjonsfilmar. Hørselshemmedes Landsforbund opplyser om at det er 750 000 vaksne og 2500 born i Noreg som er høyrselshemma.

– Det er ofte vanskelegare å oppfatte dialogen i animerte og dubba filmar. Karakterane har mindre mimikk, og det gjer det vanskeleg å lese leppene deira. Då vert det vanskeleg å få med seg alt som blir sagt i morosame og kjappe dialogar – også for dei som ikkje er høyrselshemma, skriv Skistad.

TEKST PÅ ALLE BARNEFILMAR

Hørselshemmedes Landsforbund har i desse dagar eit prosjekt som tek sikte på at alle barnefilmar som har premiere i 2017, skal visast med tekst, slik at det vert ei meir universell utforming av kinotilbodet. Målet er at teksting av dubba barnefilmar skal finansierast av myndigheitene og verte eit krav i lovverket.

Dagleg leiar i distribusjonsselskapet Euforia Film fortel at tekstinga kostar mellom 10.000 og 15.000 kroner, ein kostnad dei har valt å ta sjølv fordi dei meiner det er viktig. Skistad oppmodar no publikum og kinoar om å etterlyse teksting av animasjonsfilmar, slik at fleire følgjer etter.

Skistad er klar over at tekst i biletet for mange kan vere eit forstyrrande element som øydelegg heilskapen, men meiner at det viktigaste er at «alle skal med».

Ho nemner også at mange slit med å forstå andre dialektar enn sin eigen.

– Det i seg sjølv kan vere eit argument for å tekste, sjølv om eg personleg synest det er litt leitt. Dialektargumentet gjeld ikkje denne filmen, men vi har fleire morosame karakterar som snakkar gebrokkent, og det kan vere godt å ha undertekstar å stå seg på der, meiner Skistad.

MÅLLAGSJUBEL

Leiar i Noregs Mållag, Magne Aasbrenn, er særns nøgd med at filmselskapet har teke initiativ til å tekste filmen på begge språk.

– Det er viktig at det norske språket og språkmangfaldet blir tatt vare på i populærkulturen for barn, og det gjeld både dei norske røystene og teksting, seier Aasbrenn i ei pressemelding.

Dei jobbar for at tospråkleg teksting vert standardløysinga for norske filmar.

Ifølgje Skistad har nesten 40 av 200 kinoar valt å vise filmen med nynorsk tekst.

– Det er riktignok ikkje dei største kinoane, men like viktige for oss, understrekar ho.

ANDREA RYGG NØTTVEIT
Framtida.no



Kringkasting: Guro Kvalnes er nyvald leiar i Kringkastingsringen.

Språkleg reis

Den nye leiaren i **Kringkastingsringen** tok i mange år nynorsken for gitt. Så flytta ho til Oslo og merka at språket hennar var under press.

– Det fremste målet til Kringkastingsringen er at alle journalistar skal få bruke språket sitt på jobb. Og at dei som nyttar nynorsk, samisk og ulike dialektar skal få lov å sjå språket i bruk, seier Guro Kvalnes som tidlegare i vår blei vald som ny styreleiar i Kringkastingsringen.

Kvalnes, som kjem frå Ul-lensvang i Hardanger, har vakse opp med nynorsk som hovudmål. Nynorsken var ein naturleg integrert del av kvardagen. Då Kvalnes flytta til hovudstaden for å

studere, utvida det språklege perspektivet seg.

– Eg merka at språket mitt var under press. Som nynorskbrukar var eg brått i stort mindretal.

Ho fortel at styreleiar-vervet i Kringkastingsringen er kome som eit resultat av ein lang prosess.

– Eg har ikkje vore spesielt aktiv i målrørsla. Då eg studerte, var eg aktiv i studentradioen, Radio Nova. Eg fekk bruke nynorsk og dialekt der, men eg var i mindretal. Seinare byrja eg på Nynorsk mediesenter i Førde og engasjementet for nynorsken vaks gradvis.

SPRÅKLEG VAKT-BIKKJE SIDAN 1955

Kringkastingsringen blei skipa i 1955 og skal vere ein pådrivar for at medieverksemdene skal føre ein språkpolitikk som skal spegle språkmangfaldet i Noreg. Organisasjonen blei skipa som ein fraksjon av Noregs Mållag, fordi ein meinte det trongst meir arbeid retta spesifikt mot språkpolitikk i media.

– Vi jobbar mest retta mot NRK,

“ Ser ein språket sitt brukt i media, er det høgt akta. Ein blir teken på alvor



Foto: Kjell Åsmund Sunde / NPK



ANNE SVANAUG
STRAUME
Dagleg leiar i Kringkastingsringen

Gje nynorsk til borna

DET ER HEILT naudsynt at born og unge ser språket sitt i bruk, – også born i nynorskdistrikta. Dei må få lese nynorsk og høyre dialekta si i media. Dette bygger sjølvtrillit, og me treng at unge nynorskbrukarar er stolte av språket sitt, for ein dag må dei mest truleg forsvare språket sitt i ei bokmålsdominert verd.

MEDIA HAR EIT heilt spesielt språkleg ansvar. Dei er ein av borna sine viktigaste «språklærarar». Det er viktig at born får møte språket sitt utanfor skuleverket. At dei får sjå at det vert nytta, og at språket deira er viktig. Dette vil vere med på å styrkje identiteten deira og gjere dei til trygge språkbrukarar. Me kjenner alle til at born ofte «snakkar bokmål» når dei leiker. Det gjer dei i dag, og det gjorde me då eg gjekk i barnehagen.

BORN MÅ FORSTÅ og oppleve at dei veks opp i eit fleirspråkleg samfunn, der gjensidig respekt og toleranse for språk er ein berebjelke. Dei må få orientere seg i språklandskapet og finne sin plass som språkbrukar. Mykje av dette ansvaret ligg hjå media, som er den staden born møter mest språk utanfor skulen og barnehagen.

MEN KVA GJER me når det i hovudsak berre er NRK som har tilbod til born på nynorsk? For med det kanalmangfaldet me har fått i Noreg, og alle strømetenestene som er tilgjengelege, so er det ikkje lett å finne program som tek alle borns språk på alvor.

KRINGKASTINGSRINGEN JOBBAR FOR at strømetenestene og andre kommersielle kanalar skal tekste på nynorsk og dubbe program til dialektar slik at det speglar heile landet. Me må kunne stille krav til dei som forvaltar språket vårt. Me må syrgje for at det mangfaldet borna får velje mellom, er av høg kvalitet, ikkje minst når det gjeld språk!

KVA KAN ME gjere? Engasjere oss! Me kan setje oss inn i kva nynorsktillbod som er der ute. På heimesida til Kringkastingsringen, www.kringkastingsringen.no, finn ein til dømes ei liste over nokre av nynorskprogramma frå NRK Super.

MEDIA FORVALTAR SPRÅKET til heile Noreg, di tidlegare born møter språket sitt, di betre. Media må syne at norsk er både bokmål og nynorsk. Dei må vere med på å oppdra born i eit språkmangfaldig land, som ein kan vere stolt av.

SOM SYNNØVE MARIE Sætre skreiv i jubileumsnummeret av Kringom i 2015, – Kanskje me vil sjå eit større dialektmangfald i sandkassene i åra framover?

se i eigen identitet

grunna målet deira om 25 prosent nynorsk i alle sine publiseringskanalar, men TV 2 er òg viktige, sidan dei har hatt status som kommersiell allmennkringkastar, seier Kvalnes.

– Korleis jobbar de?

– Det viktigaste vi gjer, er å dele ut Kringkastingsprisen éin gong i året. Den deler vi ut til ein journalist eller verksemd som har utmerka seg språkleg på radio eller fjernsyn. I 2016 var det nyheitsanker i TV 2, Arill Riise, som fekk prisen.

Kringkastingsringen jobbar òg med konkrete tiltak retta mot NRK.

– Vi har mellom anna årlege møte med kringkastingsjefen og andre i leiinga i NRK for å passe på at dei når 25 prosent-målet, seier Kvalnes.

NYNORSKJOURNALISTAR PÅ SKULEBENKEN

I slutten av april inviterte styreleiar Kvalnes og resten av Kringkastingsringen til open kveld. Her blei det mellom anna diskutert korleis journalistutdanningane i Noreg jobbar med språkleg mangfald.

– Representantar frå Høgskolen i Oslo og Akershus (HiOA), Høgskulen i Volda og Nynorsk mediesenter i Førde var på plass. Dei snakka om korleis dei driv språkopplæring.

Det blei klart at dei gjer ting ulikt, fortel Kvalnes.

– Korleis ulikt?

– Representanten frå HiOA snakka til dømes om at dei tenkjer mykje språkpolitikk og allmennkringkasting i undervisninga. Han fortalde at det er viktig for dei å gi studentane ei medviten haldning til språkpolitikken vi har her i landet.

Trass i ei medviten haldning til språk på HiOA og ei journalistutdanning midt i nynorsk-gryta, i form av Høgskulen i Volda, er det få nynorskbrukarar blant journalistpirene.

– Vi snakka om dette under debatten. I eit kull på om lag 70 ved HiOA er det i snitt to som har nynorsk som hovudmål. I Volda ligg snittet på rundt ti nynorskbrukarar per kull, fortel Kvalnes.

Høgskulen i Volda fekk kritikk frå Nynorsk mediesenter under debatten.

– Magni Øvrebotten frå Nynorsk mediesenter meinte at Høgskulen i Volda må ta særskilt ansvar for å utdanne nynorske journalistar. Dette grunnar ho med den geografiske plasseringa deira, seier Kvalnes.

BORN SKAL KJENNE SEG ATT

Til hausten blir det ei ny open tilstelling i regi av Kringkastingsringen.

– Vi skal ha ein kveld med debatt om normert nynorsk i etermedia. Dialektane har fått ein veldig renessanse og er synlege både på fjernsyn og på radio. Vi jobbar for at dei skal syne, så dette er bra. Likevel kan det vere at dialektmangfaldet går ut over bruken av normert nynorsk, det er i hovudsak dette vi skal diskutere under den opne kvelden i haust, seier styreleiar Kvalnes.

Kvalnes fortel vidare at born er ei viktig målgruppe for Kringkastingsringen.

– Det er viktig at born får sjå språket sitt i bruk, slik at dei får sjølvtrillit knytt til eiga dialekt. Difor er NRK Super ei viktig plattform.

NRK Super fekk Kringkastingsprisen i 2015.

– Dei fekk prisen i 2015, fordi dei var flinke til å vise dialektmangfald i barneprogram. Men arbeidet vårt er aldri ferdig. Vi ser for eksempel at NRK Super har ein lang veg å gå når det gjeld bruk av nynorsk på heimesidene sine, seier styreleiar Kvalnes.

Kvalnes vil at både born og vaksne skal vere stolte av språket sitt.

– Ein må tenkje at sitt språk duger. Ser ein språket sitt brukt i media, er det høgt akta. Ein blir teken på alvor, avsluttar Kvalnes (©NPK)

KJELL ÅSMUND SUNDE
NPK

Det er ikkje lenger «eit forsvar for bygda», så kva kjenneteiknar dagens nynorsklitteratur? Litteraturvitar **Jan Inge Sørbo** har freista å finna svaret.

Frå Vangsgutane til Skoddeheimen

– Nynorsken har for alvor blitt lausriven frå ei livssynspakke, seier Jan Inge Sørbo.

Sidan i fjor har han jobba med å skriva ei nynorsk litteraturhistorie, ei storsatsing frå Det Norske Samlaget som skal vera klar til forlaget sitt 150-årsjubileum våren 2018. Når me møter professoren på kontoret hans ved Høgskulen i Volda for å få nokre drypp frå boka, legg han engasjert ut om korleis samspelet mellom litteratur, målsak og ideologi har endra seg:

Der nynorskforfattarar før i tida knytte diktargjeringa si til oppbygginga av nasjonen og forsvaret for bygda, finst det i dag ikkje noko slikt felles ideologisk grunnlag for nynorsk litteratur, meiner Sørbo.

– Jon Fosse, til dømes, har eit sterkt engasjement for nynorsken, men han skriv ikkje om det i bøkene sine. Det har ikkje noko med diktarverksemda hans å gjera; det er berre hans språk, og det vil han bruka, seier han.

– Du kan seia at nynorsk har blitt eit språk, og det er det einaste det er. Det er ikkje eit livssyn, det er ikkje ein ideologi, det er ikkje ein bestemt politisk posisjon.

FRÅ SKODDEHEIMEN I den tidlege nynorsk-litteraturen var det ofte eit moralsk ideal at ein skulle vera forplikta på bygda, forklarar Sørbo. Han illustrerer med moralen i Arne Garborgs Bondestudentar:

– Daniel Braut burde ikkje ha

svikta bygda si, og ein kan diskutera om han burde ha tatt utdanning i det heile, men om han først gjorde det, så burde han i alle fall blitt målmann. Der er det heilt klart eit moralsk fall å gi frå seg bygdeverdiene til fordel for byverdiane.

Grunnforteljinga i Bondestudentar, om bygdeungdommen som reiser til byen og må forsvare eller gi opp sin opphavlege identitet, går igjen som eit ekko i nynorsklitteraturen heilt fram til i dag, ifølgje Sørbo. Men forteljinga har etter kvart mista den moralske dimensjonen.

– I dag er det ikkje sånn at nynorskforfattarane ser på bygda og bygdeverdiene som noko privilegert, og at det er eit forfall å vera urban. Tvert imot, kanskje. Dei bur i byen og skriv i byen, og dei skriv ironisk om bygda og ironisk om byen, seier Sørbo, og peikar til dømes på Olaug Nilssen sine skildringar av «Skoddeheimen» i Vi har så korte armar og Få meg på, for faen:

– Dei folka frå Skoddeheimen er ikkje tilpass i Bergen, men det er dei sanneleg ikkje i Skoddeheimen heller.

«VANGSGUT-LITTERATUR»

Lausrivinga av litteraturen frå nynorskideologien er likevel ikkje noko heilt nytt.

Då målørsla og ungdomslagsrørsla var på det sterkaste i mellomkrigstida, fanst det ei forventning om at forfattarane skulle skriva det Sørbo kallar «Vangsgut-litteratur»:

oppbyggjelege bøker om «den staute nynorske bygdeungdommen». Og samstundes som mange skreiv slike bøker, lykkast fleire av dei største forfattarane i å heva seg over det:

– Sjølv ein så sterk mål-ideolog som Arne Garborg skriv om mange forhutla personar. Hos Olav Duun er det veldig tydeleg: Alt er tvitydig hos han, sjølv lærarane er tvilsame personar. Det går ikkje an å gå til Duun for å få stadfesta eit bestemt ideologisk univers.

Også Tarjei Vesaas, som skreiv om det potensielt farlege ved menneskenaturen med bygda som ramme, passar inn i dette selskapet.

– Viss du samanliknar det med Sven Moren og dei meir idylliske og oppbyggjelege diktarane, så er det ein veldig stor kontrast, seier Sørbo. Men, understrekar han:

– Det hindra ikkje desse store forfattarane i å vera aktive målfolk, for det var dei. Og mållaga og ungdomslaga var veldig stolte av forfattarane sine, også når dei var tvitydige.

NYNORSKBLØMING Den andre verdskrigen blei på mange måtar eit vendepunkt, både for Noreg, for målørsla og for litteraturen. Etter okkupasjonen og frigjeringa blir det ikkje lenger mogleg å snakka om danskane som «fienden» til det norske, og det er ikkje like lett å knyta nynorsken til nasjonen si sjølvforståing.

Samstundes slår den litterære modernismen inn for fullt, og sår tvil om alle «store forteljingar» i litteraturen, inklusiv «nynorskforteljinga». I denne perioden blir også nynorsklitteraturen mindre knytt til målørsla og ungdomslagsrørsla enn tidlegare.

Målsaka fekk ein ny vår på 1970-talet, då distriktpolitikken og EU-striden prega den politiske dagsordenen. Denne nye våren blei spegla i litteraturen hos forfattarar som Kjartan Fløgstad. Men denne

gongen hadde ideologien ei litt anna form enn før:

– No er det ikkje den store forteljinga om frigjeringa av Noreg, men det handlar om ein undertrykt minoritet som gjer opprør mot sentralmakta, forklarar Sørbo.

Også Edvard Hoem, som Sørbo kallar «kanskje den siste som skriv til bygda sitt forsvar», vart forma i denne fasen.

Den politiske 70-talsbølga blir likevel ikkje varig, og frå 1980-talet blir nynorskideologien meir og meir borte hos nye forfattarar som Ragnar Hovland og Jon Fosse. Det interessante, meiner Sørbo, er at nynorsken ikkje blir mindre viktig som dikterspråk – tvert imot.

– Ein kunne ha tenkt seg at når argumentasjonen for nynorsken ikkje lenger er så viktig i forståinga av forfattarrolla, så kunne jo alle ha gått over til bokmål. Men det motsette skjer: Det er den største blømingperioden for nynorsk litteratur, seier Sørbo, og peikar på at det aldri har blitt gitt ut så mange nynorskbøker som no.





Leselyst: – Det å få høve til å lesa seg gjennom periodane er eit stort privilegium. Det må eg seia: Det har blitt skrive mykje godt, seier professor Jan Inge Sørbo, som snart er i mål med den nynorske litteraturhistoria som kjem ut til neste år.

Foto: Runar B. Mæland

«GRISEN STÅR OG HYLER»

Men kva er det som kjenneteiknar nynorsklitteraturen i denne perioden, om det ikkje er målsaka og norskskdomsideologien?

Sørbo peikar på eitt viktig trekk: Mange av dagens forfatarar er godt kjente med den nynorske litteraturskatten, og lar inspirasjonen skina gjennom i sine eigne bøker. Olaug Nilssen er igjen eit døme, med sine peik tilbake til Bondestudentar; det same er Ragnar Hovland.

– Når eg skriv om Hovland, tar eg med diktet «Grisen står og hyler» («Kveldssong for deg og meg», journ.mrk.). Der er den heilt avgjerande lina etter mitt skjønn «i den stille kveld» – som jo er eit sitat frå «Fager kveldssol smiler». Det ankeret ligg nede heile tida, og så er det artig kor langt han fjernar seg frå det.

– Klisjeen er at nynorsk er så fint i dikt, fordi det er så lyrisk og klangrikt. Er det noko i det?

– Ja, eg trur det er noko i det, fordi det er noko med vokalar og

diftongar som kling på ein annan måte. Men nynorskingane vil jo ikkje ha det stempelet på seg. Einar Økland har sagt at då han hørte det der, gjekk han med ein gong over til e-infinitiv for ikkje å bli identifisert med dei klangrike a-ane, seier Sørbo.

Til spørsmålet om kva som kjenneteiknar den nynorske litteraturen i dag, peikar han også på noko heilt anna:

– Det er den litt viltre, humoristiske, ironiske tonen, som du finn hos Olaug Nilssen, Agnes Ravatn og så vidare. Det er det som slår meg: Viss du opnar ei nynorskbok no, så kan du venta deg ein viss sarkastisk eller ironisk tone, ein tvitydigheit eller finurlegheit i språket, seier Sørbo, og legg til:

– Når nokon reagerer negativt på det med at «nynorsk er så fint i lyrikk», så tenkjer dei kanskje på lyrikk som noko veldig andektig og ironi-laust. Men viss du les nynorsk lyrikk, så er ikkje den sånn. I alle fall ikkje no.

RUNAR B. MÆLAND

Ruth Lillegraven får Nynorsk litteraturpris

Nynorsk litteraturpris 2016 går til **Ruth Lillegraven** for boka *Sigd* som kjem ut på Tiden Norsk Forlag.

– Det betyr veldig mykje å få ein slik pris. Det er ekstra stas at det er ein nynorskpris, sidan språket betyr veldig mykje for meg, seier prisvinnar Lillegraven til Nynorsk pressekontor.

Diktsamlinga *Sigd*, som Lillegraven får prisen for, handlar om odelsguten Endre som bur på ein gard på Vestlandet på 1800-talet.

– Boka er veldig personleg for meg sjølv om handlinga er lagt langt tilbake i tid. Eg er sjølv frå gard og har fundert mykje på kva som ligg i omgrepet odel. Sjølv om eg aldri skriv det eksplisitt, har eg hatt min eigen heimstad, Granvin, i tankane då eg skreiv, fortel Lillegraven.

«UVANLEG VAKKER

DIKTSAMLING» – Nynorsk litteraturpris 2016 går til ei uvanleg vakker diktsamling som fører saman fortid og notid, kultur og natur, og som skildrar korleis eit menneskes blod, slit og tårer blir meisla inn i omgjevnadene rundt, og blir verande der til evig tid. Diktsamlinga utmerker seg med særeigen rytme og sterke bilete, heiter det i grunngjevinga frå juryen.

Individ og fellesskap, identitet og enkeltmenneskets desperate ønske om ikkje å skuffe dei som har vore der før, er blant dei tema diktsamlinga tar opp, heiter det i ei pressemelding frå Noregs Mållag.

– I arbeidet har eg mellom anna brukt ei autentisk dagbok frå Granvin på 1800-talet som inspirasjonskjelde, fortel forfattar Lillegraven.

»NYNORSK LITTERATURPRIS

Tidlegare prisvinnarar av Nynorsk litteraturpris dei siste ti åra:

2015 – Eirik Ingebrigtsen, *Spikrar frå fallande plankar*, roman

2014 – Lars Petter Sveen, *Guds barn*, roman

2013 – Sigrun Slappgard, *Englestien*, roman

2012 – Lars Amund Vaage, *Syngja*, roman

2011 – Marit Eikemo, *Samtale ventar*, roman

2010 – Jan Roar Leikvoll, *Fiolinane*, roman

2009 – Kjartan Flogstad, *Grense Jakobselv*, roman

2008 – Gunnhild Øyehaug, *Vente, blinke*, roman

2007 – Frode Grytten, *Rom ved havet, rom i byen*, noveller

– Boka er full av overraskingar og humor. Midtvegs tar historia plutselig ei heilt uventa vending, noko som opnar auga til både hovudperson og lesar på ein slik måte at ein nesten kjenner det som ein oppdagar verda på nytt, skriv juryen vidare.

GODT SELSKAP Det er Noregs Mållag, Det Norske Samlaget og Det Norske Teatret som kvart år deler ut Nynorsk litteraturpris. Prisen er på 30 000 kroner. Fyrste tildeling var i 1982. Ragnar Hovland, Siri Ingvaldsen og Ingrid Weme Nilsen har sete i juryen for Nynorsk litteraturpris 2016.

– Det er jo veldig gjævt å vere i så godt selskap, avsluttar Lillegraven.

KJELL ÅSMUND SUNDE
NPK



Nynorsk litteraturpris: Forfattar Ruth Lillegraven er tildelt Nynorsk litteraturpris 2016.

FOTO: Andrea Sæverud / NPK

KVA SKAL BEDRIFTA HEITE?

... og **kva målform** skal ho
bruka? Eignar nynorsk
seg både i aust og vest?

– **DET ER GANSKE MANGE** frå mål-
laget som klipper seg her, smiler
Trude Lundvall.

Då 33-åringen frå Kviteseid i
Telemark starta eigen salong i Oslo,
var det sjølv sagt at nynorsk skulle
vera målforma. I bagasjen tok ho
med seg namnet Balanzera, som
mor hennar allereie brukte til å selja
økologiske hårprodukt.

– Forstår folk namnet?

– Eg veit ikkje heilt om dei skjøn-
nar det, om dei ikkje får det forklart.
Det er jo å vera balansera – på ny-
norsk då, seier Lundvall.

Ho har opplevd at folk tek
namnet for å vera svensk og kan
skjøna at z-en kan gje bedrifta
hennar eit litt internasjonalt
preg. Sjølv er ho oppteken av at
imaget ikkje skal vera traust, og
meiner at z-en gjer det litt meir
spanande.

NYNORSK – ELLER DANSK?

Tilbakemeldingane på målforma
har vore overveldande positive.

– Det er mange som kjem hit
berre på grunn av det. Dei synest
det er så fint at nokon tek vare på
dialekta si, og synest det er kjekt at
fleire brukar dialekt og nynorsk, for-
klarar frisørgründeren på klingande
telemarksdialekt.

Sidan 2008 har Lundvall og hen-
nar tilsette frisert meir og mindre
målbevisste forbrukarar på hippaste
Grünerløkka i Oslo. Mange av dei
målbevisste kundane er tilflyttarar
frå distrikta, men når me gjestar
salongen, sit det ikkje ein einaste
nynorskbrukar til føning.

– Er det nynorsk? Eg trudde det
var dansk, seier ein kunde på aust-
landsk.

Ho har berre sett bookingsyste-
met til frisørsalongen, som ikkje er
tilgjengeleg på norsk eingong. Dette
er ei av sakene Lundvall har måtta
sjå gjennom fingrane med av prak-
tiske årsaker.

– Før var eg veldig tydeleg på at
alt frå Balanzera på sosiale medium
skulle vera på nynorsk, men no får
dei som skriv på sosiale medium,
skriva på si målform, slik at eg slepp
å omsetja heile tida, seier Lundvall,
som er oppteken av at alle skal få
bruka det skriftspråket ein er van
med.

NYNORSKLIVET Om det vert
meir eller mindre nynorsk i det of-
fentlege rommet, kjem gjerne an
på auget som ser. I 2015 hadde Ivar
Aasen-tunet utstillinga «Reklame på
nynorsk». Dei freista å talfesta det
dei meinte var ein positiv tendens,



Nynorsk økologi: – Eg tenkte over om det var litt rart med nynorsk i Oslo, men
så er jo dette ein litt annleis salong òg, seier frisørgründer Trude Lundvall (33)
frå Kviteseid i Telemark.

men vart skuffa. Gjennomgangen
deira viste at av 1317 annonsar i dei
34 største magasinane i landet, var
berre éin på nynorsk. På tv-kanalane
TVNorge, TV 2, Tv3 og MAX
vart det brukt dialekt i 7 prosent av
reklamen.

Nynorsk i næringslivet er ei hjar-
tesak for Noregs Mållag, som årleg
deler ut nynorsk næringslivspris.

Den første prisen gjekk i 2006
til saft- og syltetøyprodusenten
Lerum frå Sogndal. Etter det har
prisen gått til Hotel Alexandra i
Loen, Kari Traa frå Voss, Ægir bryg-
geri i Flåm, Skogstad frå Stryn, Kle-
ven Maritime på Søre Sunnmøre,
Gudbrandsdalsmat og no sist til
Dyrsku'n i Seljord.

Felles for desse ulike merkeva-



Løkkenorsk: På Grünerløkka i Oslo kan ein lesa meir norsk enn på Frogner i vest.

rene er at dei har ein tydeleg identitet og stoltheit i staden dei kjem frå.

DISTRIKTSBRYGGING Men ikkje alle følgjer lokale namnekonvensjonar. Teiknar du ein horisontal strek gjennom Oslo sentrum og følgjer luftlinja rett mot vest, kjem du til ein liten kommune med kring 3000 innbyggjarar.

Blant naust og hytter i øykomunnen held mikrobryggeriet «En Liten Øl» på å fotfeste.

– Det er faktisk nokon som har sagt at dei ikkje vil drikka ølet fordi det ikkje heiter «Ei lito øl», seier Johannes Sandvik, som er litt uviss på om personen som sa dette meinte spøk eller alvor.

Sandvik er styremedlem og medeigar i det nyoppstarta bryggeriet «En Liten Øl», som har hovudsete i nynorsk kommunen Fitjar i Sunnhordland.

Trass i dette er både namnet og nettsidene på bokmål, noko som mellom anna kjem av at det meste av tekstmaterialet er produsert av styreleiar Geir Inge Solberg som kjem frå Bergen.

Gründerane i vest har investert millionar i eit nytt bryggeri på Kråko i Fitjar, der dei i dag har kapasitet til å bryggja 150 000 liter øl år-

leg. Ølet er i dag til sals i store delar av Sunnhordland og i nokre butikkar i Bergen, men ambisjonane er å selja øl til heile Noreg og etterkvart også eksportera til utlandet.

– Skulle me hatt nynorsk tekstproduksjon, måtte me hatt hjelp eller leigd inn nokon andre til å gjera det. Ein kan ikkje leiga inn språkvaskarar til ei nystarta bedrift, seier Sandvik, som forklarar at dei må ta omsyn til både effektivitet og økonomi.

AUTENTISK OG EKTE Rektor og dosent ved Høyskolen Kristiania, Trond Blindheim, er spesialist på marknadskommunikasjon og forbrukaråtfærd, og tek gjerne ein prat om nynorsk i marknadsføring.

– Noregs Mållag meiner at nynorsk løner seg. Kan ein seia det?

– Ja, i mange samanhengar er det heilt riktig. Særleg i regionar der ein snakkar og er vane med å lesa nynorsk. Der vil det absolutt vera det beste. Det handlar om å servera argumenta på den målforma som folk brukar til vanleg, seier Blindheim.

Han understrekar at på same måte som nynorskbrukarar kan lesa bokmål, vil bokmålsbrukarar forstå nynorsk og difor respondera – så sant tilbodet er godt.

“ Unge i alderen 18–29 år er meir likegyldige eller positive til engelsk i reklame enn dei var før.

Nina Teigland, seksjonssjef i Språkrådet



Identitetsmarkør: – Me får mykje positiv feedback på det. Mange synest det er artig og kult at me har kommunikasjonen vår på nynorsk. Det blir god stemning av nynorsk, smiler Dag Bergset Ulvedal frå Stryn. Han får støtte av dagleg leiar i Von kommunikasjon Helene Molteberg Glomnes (midten) og Karoline Arnesen.

Sjòlv om nokon kanskje vil reagere negativt, meiner Blindheim at mange vil oppfatta det sjarmerande med nynorskbruk i medium der majoriteten er bokmålsbrukarar. I tillegg kan det gjera at forbrukaren stoppar opp fordi ein skil seg ut i mengda.

Den utflytta bergensaren, som har mange års fartstid i reklamebransjen, oppmodar difor særleg lokale matprodusentar til å nytta nynorsk.

– Det er ein forbrukartrend at me er meir og meir opptekne av å eta sunt og økologisk. Autentisitet og lokalt opphav vert difor viktig i merkevarebygging framover, seier Blindheim, og koplar trenden til auka merksemd om nasjonale verdiar.

– Ein skal ikkje lenger tilbake enn ein to-tre generasjonar, så kjem ein ofte til ein bondegard, husmannsplass eller eit fiskevær. Nynorsk minner om røtene og det norske. Folk i dag søkjer det ekte i alt det falske, og me koplar nynorsk til det rurale mot det urbane. Det er stabilitet i alt kaoset.

Ifølgje marknadsføringseksperter vil det gje eit produkt større autentisitet om forbrukarane veit kvar det har røtene sine. Då kan nemleg den lokale kulturen smitta over på merkevaren.

– Produkt som har opphavet sitt i Lærdal, bør ha nynorsk tekst på pakken. Det gjev ein sterkare og betre merkevare. Jo meir autentisk og ekte, desto betre, konkluderer Blindheim.

MEIR MÅTEHALD Fitjarbuen Sandvik samanliknar målengasjementet med religion. Somme er veldig opptekne av det og meiner

mykje om kva andre bør gjera.

Sjòlv er Sandvik hovudsakleg nynorskbrukar, men som forretningsmann er han mest oppteken av å kommunisera eit tydeleg budskap til målgruppa, som i dette tilfellet er godt vaksne folk over heile landet.

– Om me skulle heitt «Ei lito øl», måtte formålet vera å seia noko spesielt om oss sjòlv og staden, men me kommuniserer heller produktet. Nynorsk eller dialekt ville gitt oss meir sunnhordlandsk identitet, men det er ikkje formålet. Det viktigaste er at me produserer eit knallgodt produkt, seier Sandvik.

Sandvik medgir at det å finna eit namn på ei ny bedrift slett ikkje er noka enkel sak, men føler at dei har landa på eit namn som høver godt.

– Det er ei utfordring å finna eit namn ein er komfortabel med. Me landa på eit omgrep som har ein ekstra dimensjon, ein snert, med eit hint knytt til måtehald. Me ser på øl som eit kulturprodukt. Dette er ikkje brennevin som ein skal drikka seg full på. Det handlar om kultur, gode smaksopplevingar og god øl.

Æ I UTLANDET Litt lenger nord, i Flåm i Sogn og Fjordane, ligg det etterkvart svært veletablerte bryggeriet Ægir, som har skapt seg ein solid merkevare basert på norrøn mytologi.

– Ægir var bryggjaren til Tor og Odin. Han budde der hav og eld møttest. Og det er der me ligg – der hav og eld møttest, forklarar dagleg leiar Evan Lewis på klingande dialekt.

Då dei i fjor hadde ein omfattande gjennomgang av branding og design, var eitt av funna at dei burde nytta seg endå meir av det som vert



Skodar utover: Johannes Sandvik, styremedlem og medeigar i mikrobryggeriet «En Liten Øl» på Fitjar i Sunnhordland, har internasjonale ambisjonar for merkevaren.

kalla «sense of place» – den lokale tilknyttinga. Difor er alle flaskene no merkte med eit lite norsk flagg og informasjon om at det er bryggja i fagre Flåm.

– Tilknyttinga til Noreg og Flåm er ein kjempeviktig del av identiteten. Folk forbind Skandinavia og spesielt

Noreg med kvalitet. Dei kjenner til akevitt og laks og har eit bilete av at det er reint og flott, forklarar Lewis.

Amerikanaren har trykt både det nynorske språket og den lokale dialekta til sitt bryst. Selskapet som han og kona Aud Melås starta i 2007, har fått prisar både av Noregs Mållag og



Ælskar norsk: – Nynorsk er heilt naturleg for oss med tanke på plasseringa vår i Flåm i Sogn og Fjordane, seier amerikanske Evan Lewis, som i 2007 starta Ægir saman med kona Aud Melås.

Foto: Arnold Lan

“ – Me kjende at det gav oss kredibilitet å skriva på nynorsk.

Karoline Arnesen,
partner
i Von kommunikasjon

VON OM MEIR NYNORSK I det noko danskklingande Damstredet i Oslo sit ein kreativ gjeng som har valt å kalla seg Von kommunikasjon. Bedrifta vart starta av ei lita gruppe frilansarar hausten 2014 og rettar seg hovudsakleg inn mot organisasjonslivet.

Partner Karoline Arnesen frå Skien forklarar at namnet er eit resultat av ein lang søken etter gode nynorske ord. Han som var med på å starta bedrifta, er «mållagsentusiast, eller fanatikar», ler Arnesen, som også sjølv er medlem.

– Me kjende at det gav oss kredibilitet å skriva på nynorsk, seier 28-åringen.

I bransjen generelt meiner Arnesen å sjå at når nynorsk vert brukt, så er det eit bevist grep – for til dømes å verka landleg – framfor eit nøytralt språk.

Sjølv om ho er bokmålsbrukar som må støtta seg til ordboka for å skriva korrekt nynorsk, meiner ho at nynorskprofilen deira kommuniserer at dei har greie på tekst og språk. Trass i at bedrifta marknadsfører seg sjølv på nynorsk, er det ikkje lange køar av oppdragsgivarar som etterspør kompetansen.

– Det er fleire som ønskjer ting på engelsk enn på nynorsk, forklarar ho.

Sjølv om dei færraste forstår namnet instinktivt, og fleire har trudd at Von er tysk og skal uttalast fon, er det vesle kommunikasjonsbyrået nøgde med namnet.

– Det er gjerne gamle kristne folk som veit kva det betyr. Dei er på ballen med ein gong, men dei aller fleste må me forklara det til, smiler Arnesen, som gjerne tek den praten for folkeopplysninga si skuld.

ANDREA RYGG NØTTVEIT
andrea@framtida.no

Språkrådet for sin gode og konsekvente målbruk.

I dag eksporterer dei øl til 12 land og hadde i 2016 ein omsetnad på over 15 millionar kroner.

Dei nynorske etikettane har blitt med til Sverige og Danmark, og Lewis har ikkje fått nokon negative tilbakemeldingar frå naboane våre. I resten av verda er det ikkje like lett å marknadsføra seg på norsk, men namnet meiner han likevel fungerer.

– Namnet Ægir har ei kraft i seg, særleg fordi det har Æ i seg. Æ, Ø og Å er spesielt for det norske språket, og sjølv om ein del lurar på korleis det skal uttalast, set dei pris på det når dei får høyra historia, forklarar Lewis.

NORSK PÅ NORSK I 2008, 2010 og 2016 utførte Språkrådet befolkningsundersøkingar om bruk av engelsk i marknadsføring og reklame. Slik håpar dei å sjå om det er noka utvikling i nordmenn sine haldningar til språk.

– Det me ser denne gongen, er ein tendens til at unge i alderen 18–29 år, er meir likegyldige eller positive til engelsk i reklame enn

dei var før, forklarar seksjonssjef i Språkrådet, Nina Teigland.

I fjor svara 57 prosent av dei spurte at norsk språk burde brukast i all marknadsføring og reklame i Noreg. Delen som er negative til engelsk i marknadsføringa, har falle frå 46 prosent i 2010 til 33 prosent i 2016.

Sidan 1991 har Språkrådet gitt ut diplom til bedrifter for «godt namnevet».

Ofte er det bedrifter som spelar på si lokale tilknytning og dialekt som har fått utmerkingane.

– Godt namnevet i Noreg er å bruka norsk, fordi det funkjar på nordmenn, seier seksjonssjef i Språkrådet, Nina Teigland. I tillegg ser me etter noko som er kreativt, seier noko om verksemda og produktet ein sel, og det kan gjerne vera litt morosamt, seier Teigland.

SPRÅKETS STILLING I AUST OG VEST

– Kva språk ein ser på skilt og elles i omgjevnadane, seier noko om kor sterkt språket står i eit samfunn eller lokalmiljø, understrekar Teigland.

Ho viser til ei undersøking frå 2014 der Karine Stjernholm har ana-

lysert og samanlikna det lingvistiske landskapet på Voss med bydelane Frogner og Grünerløkka i Oslo.

Ikkje overraskande var det meir nynorsk og dialekt på Voss, samanlikna med Oslo. Då var det kanskje meir overraskande at det var forskjellar mellom bydelane i Oslo. På Frogner var det meir engelsk enn på Grünerløkka, der det var bokmål som dominerte – ispedd nokre nynorske innslag.

– Språket seier noko om bedrifta og kva målgruppe dei freistar å treffa. På Frogner ser vi meir engelsk og til dels òg andre språk, som fransk. Det er eit meir globalisert språklandskap. På Grünerløkka ser vi meir bruk av norsk, som signaliserer lokal tilknytning, seier Teigland.

Ho forklarar at valet av nynorsk i bokmålsområde ofte er eit svært bevist val, som seier noko om identiteten til verksemda og gjerne også kvar eigaren kjem frå.

Teigland meiner det står respekt av å velja nynorsk i bokmålsdominerte Oslo.

– Det vitnar om språkleg sjølvtilit, noko me i Språkrådet likar veldig godt.

Det kan skje den beste. Ordtak og uttrykk er det vanskelegaste å meistre i eit språk, meiner språkvitar og forfattar **Georg Kjøll**.

– Det er påfallande kor mange som nemner Paradise Hotel når eg snakkar om dette bokprosjektet, smiler Georg Kjøll (36).

Språkvitaren er aktuell med boka *Alle nonner drar* – språk på ville veier. Her tek han for seg rundt 200 feilbrukte uttrykk – som skaper irritasjon for somme og glede for andre.

Han har ikkje gått så langt at han har byrja å sjå på Paradise Hotel som research, men har fått med seg gullkorn som «bære gnag», «flekke ikke en tåre» og «slå under et teppe».

Produsentane har til og med lagt opp til slike bommentar ved å spørje ut deltakarane om kjente uttrykk.

– Det er litt urettferdig overfor deltakarane, men mest moro. Ved å bomme littegrann kan ein ende opp med veldig pussige assosiasjonar, seier Kjøll.

«TA DET PÅ SPARKEN»

Bokprosjektet starta på ein bar, då kona hans – som opphavleg er frå Sveits, men snakkar flytande norsk – sa at dei berre kunne «ta det på sparken». Etter dette byrja Kjøll og ein kamerat å skrive ned liknande feil.

– Dei to tinga som viser seg å vere vanskelegast å meistre i eit språk, er faste uttrykk og ordtak, forklarar Kjøll.

Men det er slett ikkje berre folk med eit anna morsmål som kan finne på å trakke i grauten.

Kvar uttrykka stoppar og ordspråka byrjar, finst det ingen klar fasit på, men lingvisten forklarar at ordtak alltid er sjølvstendige syntaktiske einingar – altså heile setningar. Ordtaka har også ein fast lærdom, noko ein somme tider kan finne i faste uttrykk som «gå ikkje over bekken etter vatn». Det betyr ganske enkelt at ein ikkje skal gjere ting unødvendig komplisert.

Faste uttrykk er på si side fragment som kan nyttast som rosina i pølsa på det du vil seie.

– Dei har ein fast struktur, som ein ikkje kan endre på. Du kan ikkje seie at det er «mange rosiner i pølsa» eller at du «har på deg store spanderbukser». Ein kan ikkje variere faste uttrykk på same måte som andre delar av språket, forklarar Kjøll.

HATTEN AV FOR WENG

Men nokon bryt reglane, og somme tider vert dei feilslåtte uttrykka så populære at det nesten vert for nye uttrykk å rekne, som skiløpar Heidi Weng sin legendariske «bøye seg i hatten».

– Det er mange som bruker det med eit ironisk tilsnitt, men det er òg ein del som bruker det som eit faktisk uttrykk. Og om nokre år kjem sikkert «bøye seg i støvet» til å vere heilt borte, spekulerer Kjøll.

Lingvisten gret ikkje krokodilletårer av den grunn, og viser til at mange av uttrykka me har i dag, byrja som ei misforståing. Ta uttrykket «hus forbi», som i utgangspunktet vart brukt om å melde pass. Eller «ugler i mosen», som byrja i Danmark då det faktisk var fare for ulvar i graset.

Kjøll forklarar også at det somme stader er eit tydeleg skilje mellom eldre og yngre språkbrukarar sin bruk og tolking av uttrykk.



Mikrofonstativ: – Om ein festar ein mikrofon på ein person og tek opp alt han seier i løpet av ein dag, så kjem det til

Trakkar du

– Yngre bruker i hovudsak bruker «bjørne-teneste» om ei stor teneste, og «krokodilletårer» om store tårer. Men det er jo ein naturleg del av språkutviklinga, seier han.

Og så er det tvilstilfella. For gjer Northug det med vilje når han seier «å skyte med hofta»?

HOPPE ETTER WIRKOLA

Kjøll har inntrykk av at det har oppstått færre nye uttrykk dei seinare åra. Dei nyaste uttrykka våre kan ifølgje lingvisten sporast tilbake til sportsverda, som «å hoppe etter Wirkola» eller «slå ein lissepasning».

Han meiner grunnen til dei språklege nyskapingane frå landets idrettsbanar er at dette er ein av få ting dei fleste av oss kan relatere seg til.

– Det må vere ein form for fellesskap. Eitt eller anna som mange kan identifisere seg med. Ofte er det noko felles kulturelt. Tidlegare var det gjerne yrke, som skipsfart, eller religion, fordi alle gjekk i kyrkja og hørde preika, forklarar han.

No er det veldig få som har eit forhold til segle-

kulturen bak uttrykket «klare brasane», og døyper det difor om til å «klare brassane».

«SKYTE SPURV MED KANINER»

Kjøll gjev dagens mediebilete mykje av æra for at det no ser ut til å florere av meir eller mindre planlagde språklege nyvinningar på uttrykksfronten. Me har idrettsheltar som får ein mikrofon opp i andletet etter å ha gått milevis på ski, og me har reality-tv.

– Om ein festar ein mikrofon på ein person og tek opp alt han seier i løpet av ein dag, så kjem det til å vere mykje feil. Så har du produsentar som leitar etter feil, fordi dei veit det er ei kjelde til humor. Det gjev oss inntrykk av at det er fleire feil no enn før, sjølv om det ikkje nødvendigvis stemmer. Det er mykje meir spontan språkbruk, svarar lingvisten.

– Kva er den beste kjelda til feilslåtte uttrykk?

– Det er debattforum på internett. Der går det så fort, og folk skal vise seg litt fram når dei skal debattere på internett. «Skyte spurv med



å vere mykje feil, seier bokaktuelle Georg Kjøll.

Foto: Andrea Nøttveit

i grauten?

kaniner» var frå ein eller annan debatt om folkeavstemming om Oslo-OL.

Den feilslåtte bruken av «skyte spurv med kanoner» er ein av hans personlege favorittar og var arbeidstittelen på boka.

ARBEIDSSKADEN

Undervegs i arbeidet har han pådratt seg ein liten arbeidsskade, der han ikkje alltid hugsar kva som var det «riktige» uttrykket og kva som er «feilversjonen».


Men kva tid skal me gå så langt som å godkjenne dei nye orda og uttrykka? Her meiner Kjøll at den norske normeringa til tider ligg litt for langt etter språkutviklinga.

– Men eg meiner også at det har ein verdi i det å halde litt igjen, slik at det vert ein kontinuitet og at fleire klarar å henge med på lasset, seier Kjøll, og innser med det same sin eigen feil.

For korleis var det uttrykket igjen?

ANDREA RYGG NØTTVEIT
Framtida.no

“ – Om ein festar ein mikrofon på ein person og tek opp alt han seier i løpet av ein dag, så kjem det til å vere mykje feil.



Nynorsksatsing: Kommunikasjonskonsulent i Aschehoug Undervisning, Øystein Haugsbø, er nøgd med at læreboka og arbeidsboka til «God i norsk» kjem ut på nynorsk og bokmål.

Foto: Aschehoug Undervisning.

Innvandrarar får ny nynorsk lærebok

– Behovet for nynorske lærebøker er veldig stort, seier mållaget.

– Eg har møtt mange som har spurt etter læreverk på nynorsk. Vi trur at God i norsk vil dekke eit behov, seier kommunikasjonskonsulent Øystein Haugsbø på telefon til Framtida.no.

Han er ein av dei som har pressa på for at Aschehoug satsar på nynorsk når dei gjev ut sitt eige læreverk for vaksne innvandrarar. Frå før har Cappelen Damm og Fagbokforlaget gitt ut nynorske læreverk for minoritetsspråklege i vaksenopplæringa.

Aschehoug Undervisning står bak det nye læreverket i norsk, kalla God i norsk. Forfattarane er Jannecke Hofset frå Ålesund og Lena Berg frå Elverum, og både læreboka og den tilhøyrande arbeidsboka kjem ut både på bokmål og nynorsk.

– Lærarar som er interesserte i God i norsk kan få tilsendt eit eksemplar, anten på bokmål eller på nynorsk, heilt gratis, opplyser Haugsbø.

STORT BEHOV For to år sidan starta Noregs Mållag eit prosjekt for å kartlegge vaksenopplæringa på nynorsk i kommunane. Hausten 2015 var det berre 39 av 113 kommunar som tilbydde opplæring på nynorsk etter vedtak. No opplyser mållaget at talet har stige til 51 kommunar.

– Det aller beste hadde vore om det vart lovfesta at alle lærebøkene som skal nyttast i vaksenopplæringa, skal finnast både på nynorsk og på bokmål, slik som det er med lærebøker i grunnskulen og i vidaregåande skule, seier leiar i mållaget, Magne Aasbrenn, på telefon til Framtida.no.

Han trur det er viktig for at lærebøker som skal nyttast i vaksenopplæringa, kjennest relevante for innvandrarane uansett kvar dei bur.

– Behovet for nynorske lærebøker er veldig stort, så det er veldig fint at eit så stort forlag som Aschehoug no kjem inn i undervisningssystemet. Det er eit signal om at utvalet har vore for lite, seier Aasbrenn.

ÅSMUND H. EIKENES
Framtida.no

Kristine reddar verda på nynorsk

Laurdag 20. mai fekk **Kristine Ullaland** Noregs Mållag sitt nynorskstipend for å inspirere folk til å kaste mindre søppel gjennom bloggen «Grønare kvardag».

– Det er veldig, veldig kjekt å få stipend, fortel Kristine Ullaland (29). Laurdag 20. mai vart ho tildelt Noregs Mållag sitt nynorskstipend.

Føremålet med dei to årlege stipenda på 50.000 kroner kvar er å hjelpe fram nynorsk på alle samfunnsområde.

FRÅ LIVSSTIL TIL LEVEBRØD

Ullaland bur i Bergen, men er opphavleg frå Naustdal i Sunnfjord. Ho er utdanna sosialantropolog og driv sitt eige firma, Zero Waste Norge, der ho og tre andre hjelper bedrifter med å kutte søppel, kutte svin og verte meir miljøvenlege.

– Det var ein livsstil som no har vorte eit levebrød, seier Ullaland.

Bloggen «Grønare kvardag» vart til i kjølvatnet av at Ullaland inviterte Zero Waste-pioneren Bea Johnson til å halde føredrag på Studentersamfunnet i Bergen.

– I etterkant fekk eg positiv respons frå mange som lurte på kvar dei kunne finne relevant infor-

masjon om å leve meir miljøvenleg, tilpassa norske tilhøve, forklarar bloggaren.

Påska 2015 fann ho difor ut at ho like godt kunne fylle tomrommet sjølv.

MÅLLAGET SER GRØNT – Vi ser for lite nynorsk i media og sosiale medium, og det er ingen tvil om at bloggen «Grønare kvardag» er ein positiv aktør her, seier Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Mållag om prisvinnar Kristine Ullaland.

Noregs Mållag viser til at «Grønare kvardag» har fått svært mykje mediemerksemd i nasjonale og internasjonale medium, og at Ullaland i bloggen kjem med mange konkrete og praktiske tips til korleis folk kan leve meir miljøvenleg i kvardagen.

Ullaland fortel at målet var å samle oppskrifter sine til eit oppslagsverk for korleis kaste mindre søppel, men at bloggen også har vorte eit meir varig og pågåande prosjekt.

Bloggen vert ikkje oppdatert dagleg, men det vart sjølvstøtt eit innlegg om nynorskstipendet, og før det TED-foredraget Ullaland heldt i haust.

INGEN FASIT På bloggen kan du òg lese korleis ein kan kutte søppel frå badet. Ikkje berre skal søppelet kuttast, men om ein verkeleg vil, kan ein redusere søppelet til nesten ingenting.

– Eg samlar søppelet mitt i eit syltetøyglas. Planen var å halde på ein månad, men så har eg berre halde fram med det. Folk vert litt overvelda av konseptet, men Zero Waste er ein tankegang, ikkje ein fasit, understrekar Ullaland.



– Kva kasta du førre veke?

– Eg kasta ingenting førre veke. Eg resikulerer og komposterer alt. Mange ville vorte overraska over kor mykje mindre søppel det vert, om du resikulerer og komposterer. Ein treng ikkje gjere det meir radikalt enn det, forklarar ho.

SPRÅKTRENING Zero Waste-tankegangen byggjer på Bea Johnson sine fem R-ar: Refuse, ta avstand frå det du ikkje treng. Reduce, reduser



Stipend til nynor

Atle Berge er tildelt nynorskstipend frå Noregs Mållag for bloggen «Brann-dagboka».

Bloggen til Atle Berge dokumenterer livet hans som omreisande supporter av Sportklubben Brann. Målgruppa er først og fremst andre

Brann- og fotballinteresserte, men dei livlege skildringane av opp- og nedturar i livet for ein med eit hjarte som står i Brann, er morosam lesnad også for dei som berre er interesserte i god nynorsk.

– Nokre sjeldne skribentar kombinerer eldhug for fotball, humor og god skriveevne. Det ser ein til dømes i Fotball-VM-bøkene til Jon Michelet og Dag Solstad. Brann-dagboka står seg i dette selskapet, seier Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Mållag i ei pressemelding.

Målet er nynorsk: Atle Berge fekk stipendet på Brann stadion før kampen mellom Brann og Ålesund.

Foto: Live Havro Bjørnstad



God kommunikasjon: Leiar i Noregs Mållag, Magne Aasbrenn, meiner Kristine Ullaland med bloggen «Grønare kvardag» er eit døme på god kommunikasjon på nynorsk.

Foto: Mads Maurstad

det du treng. Reuse, bruk om att det du kan. Recycle, resirkuler og Rot, komposter.

– Den første R-en – Refuse – er både den lettaste og viktigaste biten for å kutte unødige boss, forklarar Ullaland.

Inspirasjon til å kaste mindre søppel er ein av ambisjonane for bloggen hennar. Ho fortel at ho også var bevisst på språkform då ho starta bloggen.

– Eg har hatt periodar utan å nytte nynorsk. Det var trist, for eg kjem jo frå ei bygd der det er naturleg å skrive på nynorsk. Så då eg starta bloggen Grønare kvardag, tenkte eg at det også kunne vere eit prosjekt for å bli betre i skriftspråket, fortel Ullaland.

ÅSMUND H. EIKENES
Framtida.no

sk Brann-blogg

MINUTT FOR MINUTT Branndagboka inneheld hyppige dagboksnotat og statusoppdateringar frå supporterlivet med foto og videoklipp - nesten frå minutt til minutt. I tillegg finn ein lengre tekstar som skildrar supporterkvarden og andre Brann-fenomen i ein meir skjønnlitterær stil. Brann-podcasten «Bønder i Drammen» er også under vegs.

Branndagboka eksponerer mange som sjeldan les tekstar på nynorsk for dette språket. Som forfattaren sjølv, kjem mange brannsupporterar frå områda rundt Bergen. Frå før viser fotballklubbar som Sogndal og Hødd og fotballbladet Josimar at fotball er minst like fint på nynorsk, og Branndagboka er enda eit døme på det.

– Dette er kanskje det kjekkaste skriveprosjektet eg har halde på med, og det hadde ikkje vore mogleg for meg å bruke så mykje tid på tekstane utan denne økonomiske støtta, seier Atle Berge i pressemeldinga.

Atle Berge er frå Hjelmtveit i Lindås, men bur no i Hokksund. Han har gitt ut ein serie fotballbøker for barn om Barcelona og tre romanar for vaksne.

Det er ei løyving frå Kulturdepartementet som gjer at Noregs Mållag kvart år kan dele ut to stipend til styrking av nynorsken på nye område. Stipenda er på 50.000 kroner, og det eine skal gå til ein mann og det andre til ei kvinne.

ÅSMUND H. EIKENES

Fritt Ords Pris til Dag og Tid

– AVISA REPRESENTERER

eit originalt innslag i det norske medielandskapet, sa Fritt Ord-styreleiar Grete Brochmann i sin tale til prisvinnaren.

Fritt Ords Pris for 2017 blir tildelt avisa Dag og Tid for dens grundige og seriøse journalistikk som tar hele Norge alvorlig.

– Dag og Tid klarar det kunststykket å vera reelt riksdekkjande – lokalsamfunns- og distriktsorientert – og samstundes representera eit internasjonalt vidsyn mange andre norske aviser manglar, sa Fritt Ords styreleiar Grete Brochmann i sin tale til prisvinnaren.

I grunngevinga frå juryen heiter det at Dag og Tid ofte går mot straumen i temaa avisa tar opp, og undersøker andre saker enn mange andre medium.

– Journalistikk er eit svært viktig felt for Stiftinga Fritt Ord. Når vi no tildeler Fritt Ords Pris 2017 til Dag og Tid, er det ein heider til ei uvanleg sjølvstendig avis der vi finn overraskande og lærerikt stoff kvar veke, sa Brochmann i ei pressemelding då tildelinga vart offentleggjort.

Måndag 8. mai vart vekeavisa Dag og tid heidra i Den Norske Opera og Ballett. Fritt Ords Pris er den høgste utmerkinga frå stiftinga, og prisen blir delt ut årleg. Prisen er på 400.000 kroner, og med prisen følgjer Fritt Ord-statuetten signert Nils Aas.

– Vi skal ikkje vera smålåtne. Det er òg ein pris til det nynorske skriftspråket, sa redaktøren i talen sin.

Det første prøvenummeret av avisa Dag og Tid kom ut i 1962. Sidan 2001 har Svein Gjerdåker vore ansvarleg redaktør, og i hans periode er opplaget nesten dobla. I dag har den riksdekkjande avisa dryge 11 000 abonnentar.

Gjerdåker meiner prisen gjev større autoritet, men at han først og fremst forpliktar til å laga ei god og viktig avis veke etter veke.

I sin tale understreka redaktøren at media og den frie journalistikken er ei svært vanskeleg omstillingstid og løfta fram seks punkt som redaksjonen i Dag og Tid står seg til i det daglege arbeidet:

1. Tenk alltid, kvar dag, i kvar artikkel du skriv og kvar artikkel du redigerer, at du representerer den fjerde statsmakta.

2. Syt for å ha flinke folk.

3. Godt språk. Dag og Tid skal vera på nynorsk, men ikkje skriva om nynorsken. Likevel er eldhugen vår for nynorsken tvillaus og tidlaus.

4. Demp det konfliktskapande språket.

5. Den nye, uheldige samanblandinga av reklame og redaksjonelt innhald er eit trugsmål mot truverdet til pressa. Å ta seg betalt for å laga journalistikk for annonssørane er ikkje i samsvar med ei truverdig presse.

6. Ta opp vanskelege og kontroversielle tema på fritt grunnlag.



Lovpris: Fritt Ords Pris 2017 går til Dag og Tid for grundig og seriøs journalistikk som tek heile Noreg på alvor. Her er redaktør Svein Gjerdåker med Fritt Ords styreleiar Grete Brochmann.

Foto: Kristin Svorte



NM I GRAUT
DYRSKU'N

NM I GRAUT

• 3 DAGARS FOLKEFEST • 740 UTSTILLARAR • 90 000 BESØKANDE • 170 MÅL MARKNADSOMRÅDE




Foto: Sara Johannesen/NBK (Norges Bygdevinnelag)



Seljord 8.-10. september 2017 Påmelding innan 10. august

HANDEL × LANDBRUK × ANLEGG × HUSDYR × MAT × HUSFLID × KULTUR × FOLKELIV

Meir informasjon på www.dyrskun.no

Samarbeidspartnarar:





Nytt styre: Frå venstre Frida Pernille Mikkelsen, Elise Tørring, Eline Bjørke, påtroppande leiar Fredrik Hope, Åsmund Kvifte og Svein Soldal Eggerud.

Foto: Hannah M. Kolås



SYNNØVE MARIE SÆTRE
Leiar i Norsk Målunddom

«Snakk til heile landet»

EIN ETTERMIDDAG I VINTER hamna eg i eit radiostudio i Haugesund for å delta i Dagsnytt atten. Bakgrunnen for debatten var ein kronikk der forfatteren hevdar at nynorsken har blitt altfor utvatna og stilte spørsmål om kva me skal med ein nynorsk som ikkje skil seg tydeleg frå bokmålet. Forfatteren ynskte òg at ein skulle reindyrke nynorsken meir som eige språk i skulen. I det siste var me samde, men for meg var det viktig å få fram at det finst mange vegar inn til nynorsken. For nokon er det til dømes nett desse formene som vert karakteriserte som konservative, som kjennest best, for andre dei meir radikale. På same måte som me respekterer at folk gjer ulike val i talen, må me òg respektere ulike val i skrift. Ein god einskap i rettskrivingsstrukturen er sjølvsagt viktig, men me lyt alle vere varsame med å rakke ned på andre former enn dei me sjølv føretrekkjer.

MEDAN EG SAT DER i radiostudioet, vandra blikket mitt over miksepulten med dei mange knappane. Eg stoppa opp ved ein av dei. «Snakk til Stavan-ger» stod det på han. Fleire gonger har eg ynskt meg ein slik knapp. Ikkje berre «Snakk til Stavanger», men gjerne «Snakk til heile landet». Ynsket om denne knappen dukkar ofte opp etter å ha lese lesarinnlegg, kommentarar eller liknande der mange av dei same feilslutningane går att. Tenk kor godt det kunne vere å få to minutt til rådvelde for å seie høgt og klårt til alle som treng å høyre det, at sidemål ikkje er synonymt med nynorsk, at folk på det sentrale Austlandet òg har dialekt, at det ikkje heiter norsk og nynorsk, men nynorsk og bokmål, og at norsk rommar meir enn berre bokmål.

DENNE SYSTEMATISKE usynleggjer- ringa av at me har to norske skrift- språk, irriterer meg stadig. Det siste året har det vore fleire høyringar om rammeplanar, læreplanverk og liknande for ulike delar av utdannings- løpet, og det er påfallande at dei ikkje syner fram både nynorsken og bokmål- let, men stadig snakkar om norsk som om det var éin ting. Kva ord og omgrep me nyttar om språk og språkbruk, er med på å styre haldningane våre til dei språklege fenomenene. Kallar me det norsk og ikkje nynorsk og bokmål, vil det for mange tyde berre bokmål fordi det er den norsken dei møter mest, og dei vil kanskje gløyme at det òg rommar nynorsk. Difor er det så viktig at me er medvitne om kva for ord me nyttar, og at me heile vegen synleggjer språk mangfaldet vårt.

Godt landsmøte i Framtidsfylket

Helga 31. mars til 2. april skipa Målund- domen til lands- møte på Firda vida- regående skule.

Det vart ei kjekk helg med nytt politisk program, gode ordskifte og mykje moro.

I kjenningsmelodien til den gamle tv-serien Cheers syng dei: «Sometimes you want to go where everybody knows your name». Ein skulle tru at dei som laga melodien, sjølv har kjent på kroppen kor leitt det kan vere å finne ein passande landsmøte- stad. Hå Firda i Gloppen var det heldigvis som å kome til puben i

Cheers. «Det vil vere ei ære å huse landsmøtet dykkar», sa dei, og alle me var i kontakt med la godt til rette for at dei fysiske og orga- nisoriske rammene rundt helga skulle vere best mogleg for oss.

Det vart stor jubel då hyaren på heimebane, Fredrik Hope, vart vald til leiar saman med eit godt sentralstyre av Elise Tørring, Eline Bjørke, Svein Soldal Eggerud, Frida Pernille Mikkelsen og Åsmund Kvifte.

Innhaldet i helga var det stort sett målunddomen sjølv som stod for. Ei av hovudsakene på møtet var arbeidsprogrammet for det komande arbeidsåret. Språk i skulen er ei av hovudprioriterin- gane. Me skal mellom anna jobbe vidare med å betre nynorskopp- læringa i lærarutdanningane og syte for at digitale læremiddel òg kjem på nynorsk. Ei anna hovud-

prioritering er kampanjen Ny- norsk mytekusar. Som det står i arbeidsprogrammet: «Mange trur veldig mykje om nynorsk, og mykje av det dei trur er feil». Difor skal me nytte året til å spreie tilfang og informasjon som kan knuse nynorskmytar og betre haldningane til nynorsken.

Arbeidet med å betre nynorsk- opplæringa i lærarutdanningane starta i fjor, og sidan då har me jobba tett saman med Pedagog- Studentane. Arbeidet har resultert i eit nytt politisk program som vart vedteke på landsmøtet. Der slår me fast korleis det å gjere lærarane tryggare i nynorsk og språkpolitikk vil resultere i elevar som kan meir nynorsk og forstår den norske språkstoda betre. Både arbeidsprogrammet og program for nynorsk i lærarutdanningane kan du lese på nettsida vår.

Endeleg nynorsk på iPhone og iPad

– **FLOTT FOR ALLE** oss nynorsk- brukarar som har iPhone, seier leiar i Norsk Målunddom.

No slepp iPhone-brukarane å irritere seg over at mobiltele- fonen rettar språket til bokmål. I fjor lanserte SwiftKey som fyrste aktør eit nynorsk tastatur for an- droidtelefonar, og no fylgjer dei opp med iOS-tastatur til iPhone, iPad og iPod touch.

– Dette er veldig gode ny- hende for nynorsken, for no vert det endå lettare for mange å bruke nynorsk i kvardagen, seier Synnøve Marie Sætre, leiar i Norsk Målunddom.

Ho peikar på at det er få sta- der folk skriv så mykje som på nettbrett og mobil, noko som gjer dei til svært viktige arenaer for språket vårt.

Norsk Målunddom og Noregs Mållag har lenge jobba for å få meir nynorsk på digitale flater.

Også Magne Aasbrenn, lei- aren i Noregs Mållag, jublar for at SwiftKey har teke initiativ til eit nynorsk tastatur.

– Eg har sjølv vore med og testa tastaturet, og det fungerer veldig bra, seier Aasbrenn.

SwiftKey er ei gratis program- vare tilgjengeleg for nedlasting i

App Store og Google play. Mobil- tastaturet finst på over 100 språk på 250 millionar einingar over heile verda.

– Me veit at språk er uløysleg knytt til å ta vare på kultur og ynskjer å medverke til å opprett- halde det språklege og kulturelle mangfaldet i verda, seier SwiftKey om språksatsinga si.

Synnøve Marie Sætre tykkjer det er strålende at SwiftKey tek eit språkleg ansvar og vonar at fleire i bransjen fylgjer opp med å tilby programvare og opera- tivsystem for mobil og nettbrett på nynorsk.



1982 – Målet i Troms: På 1980-talet gav Troms fylkesmållag ut eit skrift om den nære samanhengen mellom tromsmål og nynorsk skriftspråk.



2017: Møtedeltakarane på årsmøtet i Troms og Finnmark mållag 2017.

Hundre år for nordno

TROMS OG FINNMARK MÅLLAG

heldt årsmøte på Finnsnes i mars i år. Her blei det også markert at det er litt over 100 år sia det blei stifta eit fylkesmållag i Troms. Skipingsmøtet var på same staden, på Finnsnes 15. juli 1915. Lærer Ingvald M. Rødvik frå Lenvik blei valt til første formann i laget.

FRÅ NORDMANNALAGET TIL HÅLOGALAND MÅLKONTOR

Mållaget Heimhug som blei skipa 17. april 1898 på Tromsø Seminarium var det første mållaget i Troms. Alt året etter kom dei første spirene til eit fylkeslag då Nordmannalaget blei skipa i Tromsø 16. juli 1899 etter mønster av Austmannalaget og Vestmannalaget, men dette laget sovna snart inn.


Det første ordinære årsmøtet i fylkesmållaget blei halde på Harstad 31. juli 1915, og fylkesskolelærer Ingvald Leigland på Lyngseidet blei valt til formann. Dette vervet hadde han i fleire år. Dei første åra gjekk med til store stemner rundt i fylket oftast i samarbeid med ungdomslaga. Resultata let ikkje vente på seg, det var fleire skolekrinsar som gjekk over til landsmål (nynorsk) som opplæringsmål. Mange skolestyre vedtok også obligatorisk opplæringa i nynorsk som sidemål lenge før dette blei lovfasta.

Fylkesmållaget starta Hålogaland målkontor i 1922, og i vel ti år



1974 – Måltinget Bodo: Bodo Målungdom var representert på Måltinget 1974 med Asgeir Kvernberg, Ole Mosand og Solvi Grebstad.

Foto: Magne Heide



1974 – Måltinget: Kirsti Andersen held foredrag om «Dialektreiseing i Nord-Noreg» på Måltinget 1974, May Molund er skrivar.

Foto: Magne Heide

blei målarbeidet styrt frå målkontoret. Dette kontoret gav ut skrifter og hadde eit utbygd nettverk av lokale kontaktfolk og fleire lokale mållag.

I 1936 blei fylkesmållaget reorganisert, og saman med målkontoret var laget aktivt då ein flaum av skolar i Troms gjekk over til nynorsk på slutten av 1930-talet. Etter rettskrivingsendringane i 1938 blei det organisert ein stor kampanje, og det førte til at nær halvparten av skolane i Troms gjekk over til nynorsk, og noko liknande skjedde i Nordland.

MÅLTING GAV NORDLEG NYNORSKVIND

Etter krigen blei det blåse liv i fylkesmållaget på eit stort målting i Tromsø i 1947. Ei av dei viktige sakene var å arbeide for ein nordnorsk nynorsknormal som Lars Berg utarbeidde. Men samtidig starta tilbakegangen for nynorsk i skolane, i kjølvatnet av Riksmålsforbundet sine talarferder. Fylkesmållaget prøvde å demme opp for dette, men lykttest ikkje. Rektor Olav Løkse i Finnfjordbotn og lærar Jens Heim i Balsfjord var formenn i dei første tjuefem åra. Ei viktig arbeidsoppgåve på 1950- og 1960-talet var å organisere Hallfrid Christiansen sine dialektferder nordpå og å få gitt ut Johan Hveding si «Håløygsk ordsamling».

Frå 1970-talet heldt styret i fylkeslaget til i Tromsø, og Tromsømiljøet har ytt eit godt bidrag i

arbeidet rundt i fylket. Blant anna var fylkesmållaget aktivt med saman med lokale mållag då det frå 1970-talet og utover kom nynorske parallellklassar både i Tromsø, Balsfjord og Målselv. I så måte blei eit stort målting i Tromsø i 1974 ein viktig puff framover i arbeidet for nynorsk i landsdelen. Fylkesmållaget var også aktivt med i utgjevinga av fleire skrift om dialekt, nynorsk og målsak.

MÅLARBEID I EIT VIDSTREKT LANDSKAP

Då det blei skipa mållag både i Alta og Varanger, blei fylkeslaget også utvida til å gjelde Finnmark. Dei siste tiåra har fylkeslaget konsentrert arbeidet rundt lagskiping og lokallagssamlingar, gjerne éin eller to gonger i året. Det har også vore arbeid litt med

“ Nær halvparten av skolane i Troms og Nordland gjekk over til nynorsk



Foto: Magne Heide

orsk nynorsk



1947: Lars Berg talar til Måltinget i Tromsø i 1947.

Foto: Troms fylkesmållag

nynorsk i skolen, både som hovudmål og sidemål. Nynorsk wikipedia har òg blitt oppgradert med stoff om nordnorske forfattarar som skriv på nynorsk og dialekt. Det er i dag rundt 250 medlemmar i dei ulike mållaga som vi finn i Harstad, Senja, Målselv, Balsfjord, Tromsø og Varanger. Med 950 km frå sør til nord dekkjer fylkeslaget eit langstrekt område.

Sia 1990-talet har fylkeslaget hatt fleire leiarar, alle busett i Tromsø: Bjørnar Østgård, Aud-Kirsti Pedersen, Steinar Aas, Trond Trosterud, Olaug Husabø, Sigrun Høgetveit Berg, Inger Johanne Sæterbakk, Øystein Vangsnes og Sæmund Stokstad. Frå 2006 til i år

har leiaren i Tromsø mållag òg vore fylkeslagsleiar.

Årsmøtet i Troms og Finnmark mållag blei i år halde på Finnsnes, og det møtte utsendingar frå nesten alle mållaga i dei nordligaste fylka. Årsmøtet valte Magne Leon Heide frå Harstad og omland mållag til ny leiar. Med seg i arbeidsutvalet har han Olaug Husabø, Tromsø, og Ingrid Russøy, Balsfjord. Prioriterte oppgåver er å stø arbeidet for nynorsk i skolen og spreie kunnskapen om nynorsk og nynorsk litteratur til barnehagar, skolar og samfunnet. Laget er i tillegg opptatt av å arbeide for norske dialektar og stør arbeidet for samisk og kvensk språk.

MAGNE LEON HEIDE

» LANDET RUNDT

TRØNDERSK MÅLPRIS TIL JOHAN ERSLAND REIN: På årsmøtet i Trønderlaget i Stjørdal, vart lagets målpris for 2017 tildelt **Johan Ersland Rein**, Stadsbygd, for ordboka *Ker du sei*. I boka er det samla om lag 11000 ord, nedskrivne slik dei vart uttala og med døme på korleis dei har vore brukte i staversdialekten.

MÅLPRIS TIL HØGSKULEN PÅ VESTLANDET: Karmsund Mållag har gjeve målpris til Høgskulen på Vestlandet for val av nynorsk som målform. Utdelinga skjedde på årsmøtet i fylkesmållaget i Etne.



Frå venstre: Dekan Georg Forland ved Høgskulen på Vestlandet, Solgunn Liestøl, leiar i Karmsund Mållag og Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Mållag.

Foto: Rune Hjeltnes

STIFTINGSMØTE FOR LOM OG SKJÅK DIALEKT- OG MÅLLAG: Interimstyret har sidan oktober arbeidd med å få til eit nytt styre og gjere klart for eit oppskipingsmøte. No er det nye styret på plass, og det blir skipingsmøte på Lom folkebibliotek onsdag 30. august klokka 19. Det er kvelden før Diktardagane 2017 startar.

OPPATTSKIPING AV KARMØY DIALEKT- OG MÅLLAG: Karmøy har vore eit sovande lag i ein del år, og no er det klart at dei vert skipa opp att. **Berit Sandve** står i spissen for interimstyret, saman med mellom andre Sissel Førde. Til hausten blir det skipingsmøte, og laget har allereie verva fem nye medlemmer. I høve oppattskipinga vil laget skifte namn til Karmøy Dialekt- og Mållag.

YTRE NORDFJORD MÅLLAG: I Selje og Vågsøy i Nordfjord har det vore to sovande lag i mange år. I slutten av mars vart det invitert til medlemsmøte med mål om å få tidlegare Vågsøy og Selje Mållag til å slå seg saman til **Ytre Nordfjord Mållag**. Det var semje om at det var ein god ide og det vart laga eit interimstyre for det nye laget som arbeider vidare med planen om å lage eit skipingsmøte til hausten.



Frå venstre: Sylfest Lomheim på Østre Toten folkebibliotek. Kjell Gulbrandsen frå Toten dialekt- og mållag leier spørsmålsrunden.

Foto: Jorunn Aarsby

GULLKANTA TALE FRÅ LOMHEIM: Onsdag 29. mars gjesta språkmannen Sylfest Lomheim Østre Toten folkebibliotek og beviste at tittelen på foredraget «Tale er gull» er sann. Foredraget var stappfullt av kunnskap om språk og språkhistorie, og i halvtimen etterpå viste dei nærare hundre frammøtte at språk engasjerer totningar.

Arrangørar for språkkvelden var Østre Toten folkebibliotek og Toten dialekt- og mållag. Tidlegare på dagen hadde Lomheim møtt elevar frå Lena-Valle vidaregående skole og norsklærarane deira.

NOREGS MÅLLAG JUBLAR FOR LO- VEDTAK: Nyvald LO-leiar **Hans-Christian Gabrielsen** og LO-kongressen har vedteke det Mållaget meiner er ein god nynorskpolitikk i handlingsprogrammet for dei neste fire år.

Det var fleire på kongressen som ville vere med på å stadfeste nynorskvedtaket frå 2013: «LO vil arbeide for likestilling mellom nynorsk og bokmål. Dette innebærer at alle skal kunne bruke sin målform i arbeidslivet, at det blir god opplæring i begge målformer i skolen, og at mållova følges i praksis.»

I tillegg vert punktet styrkt med ei ny formulering frå Atle Tranøy om at nynorsk også må ha ein naturleg plass i LO og forbunda sine skriftlege framstillingar.

Eit unikt studentlag – målvinarlaget 140 år

» ORDSKIFTE

DEN NYE HØGSKULEN PÅ VEST-LANDET (HVL) skal ha nynorsk som hovudmålform. Dette er naturleg sidan dei tidlegare høgskulane Høgskulen i Sogn og Fjordane, Høgskolen Stord/Haugesund og Høgskolen i Bergen hadde det same. Dette vedtaket har også sterke historiske røter i Målvinarlaget på Stord lærarskule.

MÅLVINARLAGET VART SKIPA 13. januar i 1877, og er det nestelste lokalmållaget i landet. Berre Vestmannalaget skipa i Bjørgvin (Bergen) 1868 er eldre. Truleg er Målvinarlaget også ein av dei eldste studentorganisasjonane i Noreg. Dette har sjølvstendig samanheng med at lærarutdanninga på Stord går heilt tilbake til 1839. Til samanlikning kan eg nemna at Bergen lærarskule vart etablert i 1953.

I 1927 VAR MÅLVINARLAGET 50 år, og det vart markert med ein storlagens fest 22. januar på Stord lærarskule. I samband med markeringa kom det ut eit festskrift med Sverre Hausberg som skriftstytur. Hausberg tok lærarutdanning på Stord i slutten av 1920-åra. Dette er interessant for meg som hadde Hausberg som lærar i folkeskulen tidleg i 1950-åra, og som var tilsett på Stord lærarhøgskule i 14 år frå 1971.

DET GÅR FRAM AV FESTSKRIFTET at markeringa 22. januar var slik berre lærarutdanninga kan festa. Det var vakker musikk, opplesing av dikt til jubilaranten, ei lang rekkje talar og mykje god mat. Det heiter m.a. slik i festskriftet: «Gymnas-tikkensalen var oversleg vent pynta med granbar og kristtorn, og småflagg lyste fram or det grøne. Festen tok til med at formannen i mål-laget baud oss velkomne og bad oss syngja «Harde Vestland», ein song som Andres Bergo hadde dikta for høvet. – So gjekk lyden ein vakker opningsmarsj etter felor og piano. Etterpå steig folkehøgskulestytur Lars Eskeland fram på golvet og sa fram dette maktfylte fyrekvedet: TIL FEMTIÅRSHØGTIDI I MÅLLA-GET PÅ STORD.»

FESTSKRIFTET FORTEL GRIPANDE og intenst om den første tida for Målvinarlaget. Målstrevet var bannlyst på Stord lærarskule på denne

tida, laget vart skipa etter ein hard storm – med lover og alt som høyrer til. Dei første møta i mållaget var hemmelege, både med omsyn til sakliste, stad og tid. Hardingen Oddmund Vik var den første formannen. Om han heiter det i festskriftet: «Han hadde havt det i seg heimanfrå, at det var ei skam for norske karar å danska, og tala kvammamålet sitt breidare di verre kameratane knota, til dess dei tok etter.»

MÅLVINARLAGET HAR EI rik og aktiv historie, særleg dei første 50 åra. Laget gav ut eit eige medlemsblad, Målvenen. Til kvart medlemsmøte kom bladet med eit omfattande nummer, 30–50 sider. Heile bladet vart lese opp på medlemsmøtet, og utgjorde såleis eit viktig innslag. Elles var den første tida prega av at laget vart møtt med fiendskap både frå styrar (rektor) og lærarane ved lærarskulen. Medlemene på si side satsa heller eksamen enn å gje opp norsk språk.

Etter kvart endra dette seg. Både styrar og lærarane støtta opp om målsaka, og det vart eit godt samarbeid med Målvinarlaget. Mange av lærarane deltok på møta i laget, ofte med innleingar. Severin Eskeland gjekk på Stord lærarskule 1897–1900. Siste skuleåret var han formann i Mållaget. Eskeland vart rektor på lærarskulen i 1917. Det heiter slik i festskriftet: «Frå den tid hev alle skriv som skulen hev sendt ut vore på norsk.»

MÅLVINARLAGET ER I desse dagar 140 år. Eg hugsar laget frå tida mi som lærar ved Stord lærarhøgskule. Det var då framleis ein viss aktivitet. Korleis det er i dag, veit eg ikkje. Men eg kan i alle høve slå fast:

Målvinarlaget som det eldste studentmållaget i Noreg representerer eit særmerkt og heilt originalt innslag i norsk høgare utdanning.

Festskriftet med skriftstytur Sverre Hausberg gjev eit unikt bilete av viktige overgangsar i norsk kultur- og utdanningshistorie.

EG VISER TIL DETTE, og vonar det no vert skriva ei samla historie om Målvinarlaget ved Stord lærarskule. For meg er det her naturleg å utfordra Høgskulen på Vestlandet, som språkleg har røter tilbake til dette laget.

NILS MÆHLE
tidlegare tilsett Stord lærarhøgskule



Vestlandss vil vekkje le

Om lag 60 lesegleddarar vil formidle bøker og spreie leselyst rundt om kring i tre vestlandsfylke.

Fylkesbiblioteka i Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane har saman med Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa samla krefter for å satse på leseglede.

– Saman skal vi få endå fleire barn og unge til å elske bøker, seier Janne Karin Støylen. Ho er høgskulelektor ved Høgskulen på Vestlandet (HVL) og formidlar ved Nasjonalt senter for

nynorsk i opplæringa (Nynorsk-senteret).

Støylen har vore bokformidlar i mange år og brenn for at barn og ungdom skal få møte bøker som treffer dei. Litteraturentusiasten er strålende nøgd med at ho får mange fleire kollegaer som vil ut og møte unge lesarar eller vaksne som jobbar med målgruppa.

KURS I KVA SOM FENGJER

Om lag 60 lesegleddarar har vorte kursa i formidlingsteknikk, bokutval, og kva som fengjer barn og unge. Lesegleddarane kan kome til barnehagen eller klasserommet, til foreldremøte eller lærarmøte – eller til andre typar samlingar der litteratur for barn og unge er tema.

“ Eg vonar det no vert skriva ei samla historie om Målvinarlaget ved Stord lærarskule.



Leseglede: Her er nokre av lesegledeleiarane som skal spreia nynorsk lese-
glede i Sogn og Fjordane, Rogaland og Hordaland. Foto: Rogaland fylkeskommune

Samarbeid leselyst

Alle lesegledeleiarane vil få ein profil på fylkesbiblioteka sine sider, der ein kan sjå kven dei vil lese for. Der ser ein også kva område dei dekkjer.

Dei nynorske lesegledeleiarane byggjer på eit konsept utvikla av Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning (Lesesenteret) i Stavanger. Lesegledeleiar-satsinga vart så spreidd til Sogn og Fjordane med ein nynorsk vri, og i år har Hordaland og Rogaland kopla seg på. Nynorsk-senteret går inn med tilskot til ordninga i dei tre fylka, som gjer at fylkesbiblioteka har moglegheit til å dekkje honoraret for lesegledeleiaroppdrag, medan reisa vert dekt av oppdragsgjevar.

– Ordninga har vorte populær, og vi i Rogaland er glade for at vi no får i gang ei nynorsk lesegledeleiar-satsing også hos oss, fortel Ine Bertelsen ved Rogaland fylkesbibliotek i ei pressemelding.

– Og så er vi glade for at vi er fleire som kan samarbeide om ei satsing på lesing, vi kan dele ressursar og det gjev nyttig kompetanseutveksling, i tillegg får vi eit større lesegledeleiar-nettverk der vi kan gi og få nyttige erfaringar og inspirere kvarandre til å spreie leselyst til liten og stor og i bøtter og spann!

SVEIN OLAV LANGÅKER

Kultur, identitet og mangfald

Det er ikkje alle lesarar av læreplanverket som ville vere i stand til å skilje mellom uttrykk som «et felles språk» og «ett felles språk»

» ORDSKIFTE

Høyringsutkastet «Overordnet del – verdier og prinsipp» frå Kunnskapsdepartementet er overordna og handlar om verdier og prinsipp i grunnopplæringa i Noreg. Ein må derfor vurdere kva som er overordna og generelt, og kva som eventuelt høyrer til dei ulike faga i skolen/opplæringa.

Dersom ein går ut frå at læreplanen framleis tek utgangspunkt i dei fem grunnleggjande ferdigheitene, der lesing, skriving og munnlege ferdigheiter er vektlagde i tillegg til rekning og digital kompetanse, må ein kunne seie at språklege ferdigheiter er like viktige og sentrale i alle fag, og at dei dermed høyrer til det overordna nivået i grunnopplæringa. Samtidig har Noreg også ei spesiell historie når det gjeld språk og kultur, slik at ein må kunne seie at språket gjennom lesing, skriving og munnlege ferdigheiter også i stor grad er knytt til verdier og prinsipp.

Kapittel 1.2 har overskrifta «Kultur, identitet og mangfald». Det finst mange generelle formuleringar om språk og kultur, mens ein samtidig nemner eksplisitt urfolk og minoritetar. Det blir gjort eit stort poeng ut av at ein må skape bevisstheit rundt språka og kulturane til utvalde minoritetar, og at t.d. norsk og samisk er likeverdige språk.

Sett under eitt er det då interessant at den norske to-språkssituasjonen og eventuelt «tokultursituasjonen» med dei to målformene bokmål og nynorsk ikkje er nemnt eller problematisert i det heile i dette kapittelet. Det språklege og kulturelle mangfaldet ser ut til å gjelde «det norske» versus alle dei som representerer minoritetar i ei eller anna form.

Det kan hende at ein prøver å vere så nøytral som mogleg, og at

ein dekkjer norsk som heilskap i følgjande avsnitt i høyringsutkastet:

Opplæringa skal sikre at elevene blir trygge språkbrukere, at de utvikler sin språklige identitet, og at de kan bruke språk for å tenke, skape mening og knytte bånd til andre. Utviklinga av et felles språk er en forutsetning for at samfunnet skal fungere. Samtidig gir språklig mangfald alle elever verdifull erfaring med uttryksformer, ideer og kulturelle tradisjoner som beriker læring og utvikling for alle i skole-samfunnet.

I dette avsnittet er det først og fremst ei setning som er problematisk:

Utviklinga av et felles språk er en forutsetning for at samfunnet skal fungere.

Tenkjer ein overordna og generelt, kan ein sjølvsagt argumentere for at ein meiner norsk som språk, og at det er allment akseptert at norsk er representert av to offisielle og likestilte målformer, bokmål og nynorsk, og alle variantar av norske talemål. Den same setninga kan derimot også bli mistolka og misbrukt av dei som av ulike grunnar ikkje aksepterer at ein har to offisielle og likestilte målformer. Det er heller ikkje alle lesarar av læreplanverket som ville vere i stand til å skilje mellom uttrykk som «et felles språk» og «ett felles språk». Ulike tolkingar av læreplanen vil i neste omgang kunne føre til ein ny og uheldig debatt om sidemålets (nynorskens) stilling i opplæringa og i samfunnet.

Når Kunnskapsdepartementet har valt å eksplisitt omtale minoritetsspråka og minoritetskulturane i dette underkapittelet, bør ein kunne vente at det blir gjort like eksplisitt at norsk er både bokmål og nynorsk med sine potensielle skriftlege og kulturelle forskjellar, og alle talemålsvariantane. Det ligg klare føringar for språkpolitikken i Stortingsmelding 35, 2007–2008: Mål og meining, og ein bør derfor finne igjen desse føringane i læreplanens kapittel 1.2 om kultur, identitet og mangfald, ikkje berre når det gjeld minoritetsspråka og – kulturane, men også når det gjeld norsk som språk og identitet med sitt mangfald av målformer og talemål.

JENS HAUGAN,
dosent i norsk, Høgskolen i Innlandet

Mansplaining og kargjering

I Norsk Tidend Nr. 2 mars 2017 finn eg omgrepet MANSPLAINING for der karar vil overtyde kvinner om at han veit best. Det er avleia av MAN-EXPLAINING. Eg trur eit ord

som KARGJERING kan vera høveleg på nynorsk. Det er avleia av KLARGJERING. «Han Trump ville kargjere saka for ho Clinton.» ÅSMUND AUKLAND

LO		PÅLEGGET		TERGAR		FRI-		JÆR-	TILBAKE	MORO-		DET HEILE		TÆRTE		KLOKKE	
		URINGSYRE- GIKT		KALORI- INNTAK		IDRETT		DIKTAR		SAM		PRATEN		UTROP		LAND	
										REISE TIL BYEN							
										KRYPDYR							
MERKNAD						AV SEG SJØLV											FOST- RAR
MILJØ- VERNAR						LEIKETØY											
								MOSJON					SVÆRT DÅRLEG	HAVØRN			
								I HEILE NOREG					LOVORD				
FORNYE						STØL									KJERNE		
						SIVBÅT									SKEIMAT		
PLUSS					PERSIA					ENERGI- MÅL							FRYD
ERGELEG			LOSSING		GRAS					SPØR UT							
											STUDIUM						
											ORD I BØN						
KO-KO							HESTE- KLEDE							ROM			
VEIK KJENSLE		DUFTA						MID- BLOKK		UMØR- ALSK						ARENA	
		HELT															
					LEIE VANAR							PREP.		TIPS			
												NOREG		TVINNAR			
I ØST- FOLD				TV-SERIE					DYREBAR KRUKKE								
				GRISE- BRYE					PRON.								
MJUK					VIFTE BORT							DET SISTE	BIBELSK KVINNE				LETT- VINTE
VERDIAR					BERSERK- GANG								PARTERE				
							ÅTE				TRUFEST ARBEIDAR						
							PLAGG				BAKKE						
JENTE		PLASS				HEILAG			ALTERNA- TIVT					DEN TIDA			
		FINSK SJØ				BARBERER			SLEKTNING					DREG			
				MUSIKK- VERK										FIRKANT		GARAN- TI	
				MAT													
ARBEIDS- FOLKET											KUR						
OPPHENG											SJØLV						
					HANDFAST								DÅRLEG FORM				
					FRED								DESSERT				
LEVER			VENSTRE- DAME							SMÅ- FEET							
TRIKS																	
				MUSIKK													NT NR. 3 2017

Kryssordvinnarar i nr. 2 – 2017

Else Stave Myklebust, Volda
Hildegunn Bergo, Stord
Anne-May Fanebust, Lindås

Send løysinga til:
Noregs Mållag
Lilletorget 1
0184 Oslo

Frist: 20. august 2017

Merk konvolutten «Kryssord».
Rett løysing kjem i neste
utgåve. Tre vinnarar vert trekte
ut og får fin premie.

Namn: _____

Adresse: _____

Postnummer/-stad: _____

LØYSING

TYRILLE- KUNST	D	STAV- HOPPE	STAV- HOPPE	A	ANDRYM- PÅHITT	N	BLØDDE	FØR	ØYMER	A	RO BILTYPE	A	BUTIKK	AND- SYNED	I	KLOKKE SVELLE	U
F	O	R	S	V	I	N	N	I	N	G	S	N	U	M	M	E	R
TILTI	L	I	T	D	I	N	I	A	U	D	T	R	Ø	S	S	F	AN
E	K	S	A	M	E	N	S	N	E	R	V	Ø	S	I	T	E	T
REYDDE- LAG	A	SORR	E	GAGS	E	T	A	N	S	VØVEL	VASSE	V	A	SENT	TYNGE	HEILE	A
F	O	R	S	I	K	R	I	N	G	S	S	E	L	S	K	A	P
BRUK- VERK TIL JØL	L	TVILAND	U	ATOM	HELD TIL FØRREDET	E	R	M	ÅLTID	A	VASS- STRALE	LIVS-	HAMPERE	SELT BOKST	A	U	L
F	A	T	T	I	G	M	A	N	S	B	A	K	K	E	L	S	
BLØDDE- DAMPING	O	SKINN- PELM	O	L	KVINNE- NAMN	GRUNN- STOFFET	O	S.14 BRA	P	I	U	T	AVSLAG	NÅLE- BUSHEN	NOTHUS		
D	O	M	I	N	I	K	A	N	A	R	O	R	D	E	N	E	N
R	A	VER	STILL	VEL- HALFEN	PROSEN	I	S	K	U	AVDELT ROM	Ø	REAL	ØRNSHORN PIL TY BOM OLSA	E	I	A	
D	I	S	T	R	I	K	T	S	U	T	B	Y	G	I	N	G	
GAARLE TING	O	IKKE UTROP	E	I	K	A	N	T	STAV- HALD	Å	UNION	E	U	T	E	BIN- VOLAR	
A	N	T	I	K	V	I	T	E	T	S	S	A	M	L	I	N	G
KOMMUN- KAMPEN	HYLLE	V	IDE- LØR	E	L	Å	LEVER	TEMA	LAND	Ø	VAR- MATEL FOR OLJE	POP- GRUPPE	PLAGG	UNIKLE	N	UT- SLITTEN	FATTIG
F	R	I	I	D	R	E	T	T	S	T	E	V	L	I	N	G	A
E	ÅTAK	S	LITALL FJØRDEDEL	O	M	OVERLØS DYK	T	PATT	BLEST	S	A	U	G	ÅR			
F	O	R	M	A	N	N	S	K	A	P	S	M	E	D	L	E	M
L	I	E	R	N	E	UTRO	P	Ø	P	Ø	E	I	N				NT NR. 2 2017

Korleis vart «bygdedyret» knytt til Tor Jonsson?

I ETTERKANT AV TOR JONSSON-JUBILEET i 2016 kjem Tor Jonsson-laget i desse dagar ut med ei ny bok om lyrikaren, forfattaren og journalisten frå Lom, denne gongen ei samling artiklar om forfattaren.

– Vi er svært tilfredse med å kunne melde om ei ny bok om Tor Jonsson. Også denne utgjevinga kom til som eit resultat av hundreårsjubileet, skriv Tor Jonsson-laget på nettsida si.

I jubileumsåret kom boka «Eit ord er eit under» med tekstar av Tor Jonsson (1916–1951). I den nye «Meg kan ingen grava ned» har Håvard Teigen og Svein Johs. Ottosen samla i alt 18 artiklar om forfattaren, 11 av dei nyskrivne eller omarbeidde tekstar. Resten er eldre tekstar av samtidige forfattarar skribentar og forskarar, som skriv om livet og forfattarskapen hans.

Blant bidragsytarane er Inge Eidsvåg, Ottar Grepstad, Andreas Hompland, Jan Inge Sørbø, Ove Røsbak, Arthur Arntzen, Jan-Magnus Bruheim, Halldis Moren Vesaas, Tore Ørjasæter og Ottar Brox.

Tekstane tar mellom anna for seg Tor Jonsson som samfunnsrefsar og drøftar korleis omgrepet «bygdedyret» vart knytt til forfattaren. Andre tar for seg parallellar og skilnader mellom Jonsson og diktarar som Alf Prøysen og Aasmund Olavsson Vinje, og det blir kasta lys over Jonssons retoriske landskap.

Tittelen på boka spelar på diktet «Den ukjende», der dikteren i siste strofa seier: «Meg kan ingen grava ned. Det er ingen som har kjent meg».

Boka kan bestillast frå forlaget Oplandske Bokforlag eller kjøpast over disk på Lom folkebibliotek, opplyser Tor Jonsson-laget.

Foreininga Tor Jonsson-laget vart skipa i 2000 og arbeider for å gjera livet, diktinga og heimbygda til Tor Jonsson betre kjent. (©NPK)




Populær fyr: I etterkant av hundreårsjubileet for dikteren Tor Jonssons fødsel i fjor kjem no Tor Jonsson-laget ut med ei ny bok med artiklar om forfattaren.

Foto: Nasjonalbiblioteket

Quiz

- 1 Kva er hovudstaden i Makedonia?
- 2 Kva land i Midt-Austen vitja Donald Trump på si første utanlandsreise som amerikansk president?
- 3 Det store nesledyret kan bli over 2 meter i diameter og er vanleg langs heile norskekysten. Kva kallar vi dette vesenet som heiter Cyanea capillata på latin?
- 4 Kva band, som vart stifta på 60-talet, var Jerry Garcia vokalist i?
- 5 Kvar ligg Noregs einaste barneby driven av SOS-barnebyer?
- 6 Kva for ein nynorskforfattar kjem med ny roman til hausten, inspirert av å vere forelder til ein son med regressiv autisme?
- 7 Hepatitt er ein betennelse i kva organ?
- 8 Kva er det noverande namnet på vegen som går over Haukelifjell i Telemark, som vart foreviga av Kjartan Fløgstad i diktet «E76 over Haukelifjell»?
- 9 Kva for ein engelsk fotballklubb har den tidlegare fotballspelarar Tommy Knarvik spelt for?
- 10 Kva heiter den franske nasjonalsongen?
- 11 Kva dyr er Jimmy i den norske animasjonsfilmen Slipp Jimmy fri frå 2006?
- 12 Kva samlar ein oologist på?
- 13 Kven av desse landa grensar ikkje til Romania: Moldova, Bulgaria, Ungarn, Slovakia, Ukraina?
- 14 Kva år vart den amerikanske presidenten Barack Obama tildelt Nobels fredspris?
- 15 I kva kommune ligg Noregs geografiske midtpunkt, ifølgje Statens kartverk?
- 16 Kva var det som skjedde i Nord-sjøen den 6. juli 1988?
- 17 Kva heiter den første boka i Sigrid Undsets trilogi om Kristin Lavransdatter?
- 18 Kva heiter Noregs forsvarssjef?
- 19 Kva tyder det at ei ku er kolla?
- 20 Kva tyder det italienske ordet «salto»?

- 20 Hopp
19 At ho ikkje har horn
18 Haakon Bruun-Hanssen
17 Kransen (1920)
Alpha, der 167 mista livet
16 Brann på oljeplattform Piper-
15 Steinkjer
14 2009
13 Slovakia
12 Egg (fugleegg)
11 Elefant
10 La Marseillaise (Marseillaisen)
9 Leeds
8 E134
7 Levra
6 Olav Nilsen
5 Bergen
4 Grateful Dead
3 Brennmant
2 Israel og Saudi-Arabia
1 Skopje



2 Norge. Bondebryllup. Storetveit kirke

Enerett: A. J. J. J.

Eit «ja» og eit «nei».

Marginale saker, men det gjer store utslag på stemninga.

KRAMBUA

Ja takk, eg tingar:

- ☐ **Soga om Fridtjov den frøkne**
Frå gamalnorsk til nynorsk ved Jon Fosse.
Kr 199,- (før kr 249,-)

- ☐ **T-skjorte** (Hugs å krysse av for farge og storleik!)
Til NyNorsk-kampanjen

Fargar: ☐ kvit ☐ svart

For damer:

Storleikar: ☐ s ☐ m ☐ l ☐ xl ☐ xxl

For menn:

Storleikar: ☐ s ☐ m ☐ l ☐ xl ☐ xxl

Kr 150,-

- ☐ **Fleecejakke** (Hugs å krysse av for farge og storleik!)
med logoen til Noregs Mållag på brystet.

For damer:

Fargar: ☐ kornblå ☐ rosa

Storleikar: ☐ s ☐ m ☐ l ☐ xl

For menn:

Fargar: ☐ azurblå ☐ grå

Storleikar: ☐ s ☐ m ☐ l ☐ xl ☐ xxl

Kr 220,-



- ☐ **Pledd med logo**
frå Røros Tweed
Kr 1500,-



- ☐ **CD: Asmund Nordstoga: Guten**
Songar av Asmund Olavsson Vinje.
Kr 99,-



- ☐ **Krus - med trykket:**
Det går mangt eit menneske og ser seg fritt ikring for Ivar Aasens skuld.
Tarjei Vesaas, 1950
Kr 160,-



- ☐ **Ostehøvel i stål, blank**
frå Bjørklund.
Kr 190,-



- ☐ **Ostehøvel i stål, matt**
frå Bjørklund
Kr 170,-



- ☐ **Refleks**
Mjuk refleks, 7 cm i diameter, med logo. Absolutt noko ein vil bli sett med.
Kr 30,-

- ☐ **Bok : Vil du vera venen min?**
Fantastisk barnesongbok med songar frå Hallingdal. Utgjeven av Buskerud Mållag, Gol Mållag, Hemsedal Mållag, Hol Mållag og Ål Mållag. Arne Moslåtten har vore redaktør. Illustrert av Ingunn Wiken. Med notar og besifring.
Kr 350,-

- ☐ **Krus** Med trykket: *Skogen stend, men han skifter sine tre.* Olav H. Hauge, 1965
Kr 160,-

- ☐ **1 eller 20 jakkemerke**
☐ «NyNorsk»
☐ «Aasenbilete»
☐ «Slepp nynorsken til»
☐ «Gjennom ord blir verda stor»
Kr 10,-, kr 50,- for 20 stk.

- ☐ **1 eller 20 jakkemerke**
«Takk, Ivar Aasen!»
Kr 10,-, kr 50,- for 20 stk.

- ☐ **Kulepenn** «Skriv nynorsk»
5 for kr 50,-

- ☐ **Notatbok blå**
☐ **Notatbok svart**
Linjert notatbok med slagordet «Gjennom ord blir verda stor!» Hardt omslag med stofftrekk.
Kr 125,-

- ☐ **Notatbok natur**
Ulinjert notatbok med Ivar Aasen på fram-sida og «Noregs Mållag» på baksida. Hardt omslag med strie.
Kr 75,-

- ☐ **Skistroppar**
To skistroppar med borrelås, 26 cm lange. Høver til langrennsski, uavhengig av målform og målføre.
Kr 50,-

- ☐ **Noreg-skjerf**
Kr 150,-

- ☐ **Måleband**
Kr 50,-

- ☐ **Aasen-panneband**
i ull.
Kr 350,-

Kryss av, klipp ut eller kopier og send tinginga til:
Noregs Mållag,
Lilletorget 1,
0184 Oslo

Eller: send e-post til
krambua@nm.no,
ring til 23 00 29 30,
eller gå inn på www.
nm.no
Porto kjem i tillegg.

Sjå innom heimesida for andre tilbod. Hugs at vi kan gå tom for somme artiklar. Det er såleis ikkje sikkert at du får alt du tingar.

Namn: _____

Adresse: _____

Postnr./poststad: _____

Telefonnr./e-post: _____



NYTT FLYGEBLAD OM Å VELJE NYNORSK PARALLELLKLASSE

Mållaget har laga eit heilt nytt flygeblad der du får svar på kva ein nynorskklasse er, korleis det fungerer og kvifor ha eigen nynorskklasse. Dersom foreldra ynskjer det, kan alle skular i landet tilby nynorskundervisning frå 1. trinn. Om foreldra til minst 10 av elevane vel nynorsk som opplæringspråk, har ein rett på eigen nynorskklasse på skulen der barnet skal gå. Les meir om nynorskklasse på nynorskklasse.no

FLYGEBLAD TIL NYNORSK-BOKMÅL-BLANDINGSOMRÅDE

Det er også laga eit eige flygeblad retta inn mot å velje nynorsk. Dette flygebladet kan delast ut til 6-åringar og foreldra deira i område der det er lett å velje bokmål, og kanskje ikkje like lett å velje nynorsk. Begge flygeblada kan du tinge hjå Noregs Mållag eller laste ned frå nettsidene.

VEIT DU OM EIN NÆRINGS LIVSKANDIDAT?

Juryen for Nynorsk næringslivspris 2017 inviterer alle til å koma med grunngjevne framlegg til kandidatar som fortener denne prisen. Alle typar næringsverksemder som ikkje er omfatta av mållova, kan få prisen. Send framlegg til: Noregs Mållag, Lilletorget 1, 0184 OSLO eller på e-post til gro.morken@nm.no. Fristen er 15. september 2017.

BOKPAKKAR TIL BARNEHAGAR


Noregs Mållag samarbeider med forlaga Skald og Samlaget om å få dei beste nynorske barnebøkene ut til barnehageborn. Mållaget veit at mange lokalag nyttar seg av dei gode bokpakketilboda og vonar endå fleire vil gjere det. Det er sjølvsagt høve til å tinge til fleire barnehagar. Kan det tenkjast at kommunen eller andre aktorar også vil verte med på laget? Finn tingingsinformasjon på nettsidene.

STØTTE TIL STUDIEARBEID

Noregs Mållag er innmeldt til Studieforbundet kultur og tradisjon. Det tyder at alle lokale lag kan søkje om studiestøtte. Eit kursopplegg må vere minst 8 timar totalt, og det må vere minst tre deltakarar som deltek 75 % av tida. Det er mykje spennande å lese på nettsidene til Studieforbundet. Er du heilt ny i dette med å søkje studiestøtte? Start med å lese denne sida: www.kulturogtradisjon.no/tilskudd

HAUSTSEMINAR I TRONDHEIM

Noregs Mållag går saman med Trønderlaget om å skipe til haustseminar på Litteraturhuset i Trondheim. Det blir fredag 22. september og laurdag 23. september. På dagtid fredag blir det gratis inspirasjonsamling for lærarar som underviser i nynorsk som sidemål, og på ettermiddagen blir det seminar med mange interessante innleiingar.



CODE MEDLEMSTAL

Til no i år er det gode vervetal, og vi arbeider for å få til ein ny medlemsrekord i år også. Tidleg i mai var det 11 600 som har betalt medlemspengar for i år. Det er eit veldig godt tal. Om lag på same tid i fjor hadde vi 11 080 betalende medlemmer. Mållaget lagar nytt veremateriell og rullar ut fleire vervetiltak til hausten. Målet er at vanlege medlemmer og lokallaga skal vere med på å finne nye medlemmer til Mållaget. Eit sterkt Mållag er viktig for å styrkje nynorsken.

**NORSK
TIDEND**
Framhald av Fedraheimen og Den 17de Mai



Tilsette:

Gro Morken Endresen,
dagleg leiar,
tlf. 23 00 29 37 • 957 85 560,
gro.morken@nm.no

Erik Grov, organisasjonskonsulent,
tlf. 23 00 29 30, erik.grov@nm.no,

Per Henning Arntsen, økonomikonsulent,
tlf. 23 00 29 34, per.arntsen@nm.no

Ingar Arnøy, skulemålsskrivar,
tlf. 23 00 29 36 • 975 29 700,
ingar.arnoy@nm.no

Hege Lothe, informasjonskonsulent,
tlf. 926 48 348, hege.lothe@nm.no

Kjartan Helleve, informasjonskonsulent,
tlf. 23 00 29 32 • 943 97 998
kjartan.helleve@nm.no

Marit Aakre Tenno, politisk rådgjevar,
tlf. 454 71 716, marit.tenno@nm.no



NORSK MÅLUNGDOM

Tilskrift: Postboks 285 Sentrum,
0103 Oslo
Telefon: 23 00 29 40
E-post: skriv@nynorsk.no

Bankgiro: 3450.65.48707

Leiar: Synnøve Marie Sætre,
Telefon: 926 95 330 • 23 00 29 40,
E-post: synnovemarie@nynorsk.no

Skrivar: Kirsti Lunde,
Telefon: 482 64 518,
E-post: kirsti.lunde@nynorsk.no

Prent: Nr1Trykk as
Opplag: 13 750
Abonnement: kr. 250,- per år

Annonser:
Annonseprisar: kr 9,00,-/mm
Tillegg for tekstsida: kr 0,50,-/mm
Spaltebreidd: 45 mm
Kvartside: kr 3 000,-
Halvsida: kr 5 000,-
Heilsida: kr 9 000,-
Ilegg til avisa: kr 1,00 pr. stk.

Alle prisar er eks. mva. Ved lysing i fleire nummer kan vi diskutere særskilde avtalar.

Stoffrist nr. 3-2017:
20. august

NOREGS MÅLLAG

www.nm.no

Tilskrift:
Lilletorget 1,
0184 OSLO
Telefon: 23 00 29 30
E-post: nm@nm.no

Kontoradresse:
Lilletorget 1, 0184 OSLO

Bankgiro: 3450.19.80058

Leiar: Magne Aasbrenn
Mobil: 979 70 065
E-post: magne.aasbrenn@nm.no

Dag og Tid skal vera på nynorsk, men ikkje skriva om nynorsken. Likevel er eldhugen vår for nynorsken tvillaus og tidlaus.

Redaktør Svein Gjerdåker i takketalen då Dag og Tid fekk Fritt Ords pris 2017

» PÅ TAMPEN

DET ER IKKJE UVANLEG at meininga til eit ord endrar seg over tid. I den 11. utgåva av Nynorsk ordliste frå 2012 står ordet «sinnssjuk» med ei forklaring: «tidlegare nemning for psykisk sjuk». Kva det betyr no, treng kanskje inga nærmare forklaring.

Berre seks år tidlegare står ordet forklart på ein heilt annan måte i Nynorskordboka: «som lid av sinnssjuka; galen, meiningslaus, tullet». Denne ordboka kom ut på same tid som bruken av ordet sinnssjukt skaut fart i norske medium, og dei siste dropane av psykisk sjukdom rann ut av omgrepet. Det som er sinnssjukt i våre dagar, er framleis utanom det vanlege, men oftast med ein betydeleg meir positiv valør.

Kor kjem så denne endringa frå? I 1947 skriv forfattar, skihoppar og fotograf Thorleif Schjelderup eit lesarinnlegg i VG der han hevdar at det er sinnssjukt at idretten tek så mykje plass i dagspressa. Han får svar frå sportsjournalist og tidlegare skøyteleiar Hjalmar Andersen: «Ordet sinnssjukt har forresten Schjelderup hentet fra Johan Borgen, alt annet som ikke interesserer denne herre, synes nemlig å være sinnssjukt».

IFØLGJE HJALLIS HADDE altså dette ordet ei anna tyding i Johan Borgens vokabular alt på 1940-talet, men det finst ingen spor av det i litteraturen hans. I skrift finst det lite av denne nye tydinga i etterkrigsåra. Eit søk på orda «sinnssjukt» og «sinnssykt» i databasen Atekst gir berre tolv treff i perioden 1971 til 1974. Det var ikkje før på 1990-talet det dukka opp hyppigare i skriftleg form, mellom anna i sportsreportasjar. I 1991 hadde Trude Dybendahl sinnssjukt lyst til å bli verdsmeister på ski, og Vegard Ulvang opna sinnssjukt hardt på sin stafett-etappe i same VM i Val di Fiemme.

DEN MARKERTE AUKEN KOM tidleg på 2000-talet og har halde fram med ein førebels topp i 2013. På same tid har mediebiletet endra seg mykje. Det skriftlege finst like mykje på internett, og vi konsumerer langt meir TV-tid enn tidlegare. Auken berre innanfor den trykte pressa er likevel tydeleg nok: frå 2011 til 2014 stod «sinnssjukt» og «sinnssykt» på trykk 1296 gongar. Bruken har også breidd om seg til fleire sjangrar. I våre dagar er også julestemninga, vegprosjekt, handelsveksten og utdelinga av nobelprisen til ein amerikansk president noko som kan få merkelappen sinnssjukt.

EIT ANNA INTERESSANT TREKK ved bruken av ordet sinnssjukt i skrift er at her er store geografiske variasjonar. Dei som bruker ordet, held oftast til nord i landet. Fem aviser i Troms står for nesten like mange oppføringar som heile Oslo-pressa, og legg vi til eit par aviser i Nordland og Finnmark, er overvekta tydeleg. Interessant, men neppe overraskande for dei fleste.

Nynorskavisene er også langt meir forsiktige med å bruke dette ordet enn bokmålsavisene. Frå 2011 til 2014 skriv berre seks prosent av bruken seg frå dei 28 prosent avisene som er redigerte heilt eller delvis på nynorsk.

I våre dagar er det så å seie umogleg å finne ordet brukt om psykisk sjukdom, bortsett frå i eitt og anna lesarinnlegg der det blir hevda at språkutviklinga går feil veg. Den siste dropen av gammalt innhald fell ut når ein psykiater finn det for godt å melde at ho er «sinnssykt fornøyd» med eit nytt behandlingsopplegg for psykisk sjuke.

GAUTE ØVERENG
Aasen-tunet-bloggeren



Fotballoppgjær: I hovudrolla som Noregs første kvinnelege trenar på eliteserienivå finn me Ane Dahl Torp, som spelar mot John Carew.

Foto: Julia Marie Naglestad/NRK

Hjemmebane blir Heimebane

» NRK og Motlys si nye storsatsing, som opphavleg heitte *Hjemmebane*, har ein pris på over 70 millionar og vert i desse dagar spelt inn på Høddvoll stadion i Ulsteinvik. Dei ti episodane skal etter planen sendast i januar 2018. Serien handlar om Helena Mikelsen (Ane Dahl Torp), som kjem til den fiktive fotballklubben Varg som Noregs første kvinnelege trenar på toppnivå for menn.

» Hadde dette vore ein ekte fotballkamp, hadde NRK fått raudt – eller i alle fall gult – kort av Sunnmøre Mållag.

– NRK spelar inn «Hjemmebane» på ei *heimebane*. Sunnmøre Mållag reagerer sterkt på dette og viser til at både Ulstein kommune og ikkje minst Hødd nyttar nynorsk. Derfor burde serien heite «Heimebane», skreiv lokallaget i ein uttale i mai.

» I kjølvatnet av kritikken har NRK Drama diskutert namnet på ny og kome fram til å endra det frå *Hjemmebane* til *Heimebane*. Sjef i NRK Drama, Ivar Køhn, forklarar at det ikkje først og fremst handlar om bokmål eller nynorsk, men om dialekt.

– I fotball er dialekt og tilhøyrslar til ein stad viktig. Snakkar du trøndersk, så heiar du på Rosenborg, og snakkar du sørlandsk, så er det Start. Dialekt er knytt til identitet, på same måte som fotball, seier Køhn, som forklarar at dialekt spelar ei viktig rolle i serien.

» Dramasjefen tek seg ikkje nær av kritikken, men er glad for den ekstra merksemda frå målrørsla.

– Namnet har byrja å feste seg, og me trur det er ein god serie som forsvarar namnet, avsluttar han.

ANDREA RYGG NØTTVET
andrea@framtida.no